



Senterungdomens Stortingsvalprogram

2021 - 2025



Senterungdomen



## FØREORD

Stortingsprogrammet til Senterungdomen gjev ei heilskapleg oversikt over kva retning me ynskjer å utvikla norsk politikk i perioden 2021-2025.

Politisk utval har sidan januar 2020 arbeidd for eit best mogleg utgangspunkt når organisasjonen skal møtast på landsmøtet i november for å vedtaka kva politikk me skal gå til val på. Det overordna målet med politikken til Senterungdomen er å leggja til rette for at ein kan leve gode liv i heile Noreg. Løysingar som legg til rette for ei rettferdig fordeling, klok forvaltning og eit levande folkestyre er gjennomgåande i vår politikk.

Programmet byggjer på vårt verdigrunnlag og allereie vedteken politikk, men inneheld òg politisk nybrotsarbeid. Løysingane me presenterer er eit resultat av politiske diskusjonar og innspel frå eigen organisasjon, samt samtalar med eksterne interesseorganisasjonar.

Me ser fram til viktige politiske diskusjonar og gjennomslag i forbindelse med stortingsvalet i 2021!

Venleg helsing Politisk utval

Emma Berge Ness (leiar)

Erlend Kvittum Nytrøen (nestleiar)

Sigrid Lien Sagabråten

Marit Kvam Fredrik Hope

Andrine Hanssen-Seppola Johanne Neteland

Synne Lerhol



## INNHOLD

### Senterungdommen sitt stortingsvalprogram 2021-2025

<b>Innledning</b>	<b>5</b>
<b>Næringspolitikk</b>	<b>6</b>
Industri	6
Jordbruk	7
Skog	8
Fiskeri og havbruk	9
Olje og gass	10
Reiseliv	11
Mineralnæringa	11
<b>Klima og miljø</b>	<b>12</b>
Klima	12
Miljø	13
<b>Transport og kommunikasjon</b>	<b>15</b>
Infrastruktur	15
Veg	15
Jarnbane	16
Fly	16
Kollektivtransport	17
<b>Arbeid og velferd</b>	<b>18</b>
Arbeidslivspolitikk	18
Tillitsreform	18
Velferd	19
Bustadgpolittikk	20
Asyl og integrering	20
<b>Økonomisk politikk</b>	<b>22</b>
<b>Helse og omsorg</b>	<b>23</b>
Sjukehus	23
Primærhelsetenesta	24
Psykisk helse	24
Eldreomsorg	25
Ruspolitikk	25
Etiske dilemmaer i helsesektoren	26
<b>Utdanning</b>	<b>27</b>
Barnehage	27
Grunnskule	27
Vidaregående opplæring	28
Høgare utdanning, fagskular og folkehøgskouar	29
<b>Born, familie og jamstilling</b>	<b>31</b>
Familie	31
Jamstilling	31
Barnevern	32

## INNHOLD

Justispolitikk .....	33
Beredskap .....	33
Naudetatar .....	33
Kriminalomsorga og straff .....	34
Rettssystemet .....	34
<b>Kultur .....</b>	<b>35</b>
Kulturpolitikk .....	35
Språkpolitikk .....	36
Mediepolitikk .....	36
Frivillighet .....	36
Idrett .....	37
<b>Utanriks og forsvar .....</b>	<b>38</b>
Forsvar .....	38
EU/EØS .....	38
Internasjonal solidaritet .....	39
Nordområda .....	40



## INNLEIING

### Gode liv i heile Noreg

Me ser verdien av eit desentralisert Noreg, med gode lokalsamfunn og yrande næringsliv frå nord til sør. Dersom det skal vere mogleg å byggja og bu i heile landet, må staten sikre alle trygge og nære tenester. Uansett kvar du bur og kor god råd du har, skal du ha tilgang på grunnleggande tenester som barnehage, skule, lege og sjukeheimar. Velferdsstaten vår er eit felles gode, som alle skal få taka del i. Me skal taka vare på kvarandre, og det betyr at dei som har mest må bidraga mest til fellesskapet.

### Klok forvaltning

Senterungdomen er eit grønt parti som alltid har satt forvaltning i fokus. Det gode prinsippet til husboden om at du skal forvalta jorda slik at ho er i like god eller helst betre stand for neste generasjon er førande for all vår politikk. Me trur at bærekraftig bruk av våre naturgjevne goder – jorda, skogen, fossane og fisken – er den beste måten å utvikla landet. Det er viktig at norske ressursar kjem det norske folket til gode. Me vil bruka politikken til å gjera vårt for eit betre Noreg og ei betre verd i framtida. Noreg kan, og må, gå foran i det grøne skiftet.

### Maktspreiing

Moglegheita til å halda folkevalde ansvarlege for handlingane sine, er sjølve kjernen i folkestyret. Jo stuttare veg det er mellom dei som fattar vedtak og dei som vedtaka gjeld, jo sterkare vert denne ansvarleggjeringa. Senterungdomen ynskjer å desentralisera makt. Me ynskjer eit samfunn basert på tillitt, der mest mogleg makt vert delegert til dei som er i fyrsterekkja – vera seg lokalpolitikaren, brannmesteren eller læraren. Meir tillit og nærliek, mindre detaljstyring!



## NÆRINGSLIV

Noreg er avhengige av eit aktivt og variert næringsliv for å skapa verdiar, arbeidsplassar og utvikling i heile landet. Det er ein styrke at næringsliv som er basert på naturressursar, etablerer seg rundt naturressursane. Gjennom klok forvaltning av ressursane våre, gjer me norsk næringsliv til ein motor i det grøne skiftet!

Staten skal føre ein aktiv eigarskapspolitikk, slik at me sikrar råderetten over eigne ressursar. Ein målretta økonomisk politikk er avgjerande for å styra produksjon og fordeling, slik at me får næringsaktivitet i heile Noreg. Staten må leggja til rette for meir verdiskaping, til dømes gjennom tilskotsordningar for nyskapande initiativ. Norske bedrifter skal få innlands konkurransefortrinn.

### Løysingar:

- Oppretta eit grønt investeringsselskap med minimum 100 milliardar i grunnkapital for utvikling av, og strategiske investeringar i, teknologi- og industribedrifter som baserer seg på grønt, fornybart karbon.
- Staten skal føre ein aktiv eigarskapspolitikk for å sikra nasjonale interesser og grøn omstilling.
- Staten skal leggja til rette for å skapa bærekraftige næringskjeder i Noreg basert på norske ressursar.
- Forenkla offentlege stønadsordningar, så det vert enklare for verksemder å skaffa naudsynt utviklingskapital.
- Arbeida for at alle kommunar har tilgang til ein grundervektstad for rettleiing og stønad.

## Industri

I laupet av 1900-tallet vart Noreg eit av dei fremste industrilanda i verda. Dei siste åra har me dreid meir tilbake til å verta ein råvareeksporterande nasjon, og i dag har fastlands-Noreg eit handelsunderskot på 280 milliarder. Industrien vår står for berre sju prosent av norsk BNP. Verda står i tillegg ovanføre ei klimakrise, og skal me klara å verta eit nullutslippssamfunn for å løsa denne, så må industrien spela ei sentral rolle. Difor treng Noreg ein ny, grøn industriell storsatsing.

Senterungdomen vil jobba målretta for å videreutvikla grøn fastlandsindustri og for at naturressursane våre skal høstast og foredlast i Noreg i større grad i framtida enn i dag. Slik skal me taka Noreg inn i ein ny berekraftig stordomstid, skapa arbeidsplassar i heile landet og vera eit land som går føre i klimastillinga. For å klara dette må det store endringar til. Det offentlige må bruka deira innkjøpskraft til å stilla klimakrav. Risikofylte industriprosjekt må få meir stønad enn i dag og det må verta meir lønsomt å investera i fastlandsindustri framføre fossil energi og eigedom.

### Løysingar:

- Realisera fullskala karbonfangst og lagring ved Norcem, Brevik og avfallsforbrenningsanlegget på Klemetsrud. Karbonfangstprosjekt skal også inkludera transport og langsiktig lagring av CO<sub>2</sub>.
- Det skal ikkje verta bygd nye utenlandskablar så lenge slike kablar fører til auka straumprisar i Noreg.

- Utreda moglegheiter for å vidareforedla CO<sub>2</sub> som vert lagra.
- Setja ned ein bredt samansatt kommisjon som skal leggja fram ein nasjonal handlingsplan for nye næringar som skal erstatta olje- og gassindustrien.
- Etablera ein lånegarantiordning for prosjekt i Noreg med positiv klimaeffekt i industrien.
- Etablera eit toppindustrisenter for automatisering i industrien.
- Etablera ein låneordning for industriprosjekt som kan gjeva konkurransedyktige lån til prosjekt med høg samfunnsmessig lønsomhet.
- Staten skal aktivt investera i prosjekt med stor klimagevinst i ein tidlig fase og sikre verksemder tilgang på risikokapital for satsing på demoanlegg og pilotprosjekt.
- Gunstige skatteordningar skal etablerast for etablering og utvikling av grøn næring, som til dømes havvind, hydrogen og CCS.
- At utbygging av vindkraft på land må vurderast frå sak til sak, og vertskommunen skal ha vetorett i etableringssaker.
- Norges gyteområder og fiskefelt skal vernast mot utbygging av havvind.
- Satsa på vindkraft til havs og overfør kompetanse fra olje- og leverandørnæringerne til havvindnæringerne.
- Gjennomgå effektane av sukkeravgifta med sikt på å betra konkurransevilkåra for norsk industri, samt leggja til rette for sunne kostholdsvilar.

## Jordbruk

Noreg er eit langstrekta land, med utfordrande naturforhold som strekkjer seg gjennom eit varierande klima. Av det totale landarealet vårt, er det berre 3,5 prosent som er jordbruksareal. For å taka vår del av ansvaret for matproduksjonen i verda, må me leggja til rette for best mogleg utnytting av naturressursane våre. Kanaliseringspolitikken skal liggja til grunn for norsk landbrukspolitikk, med korn-, frukt- og grønsaksproduksjon i dei områda som eignar seg til det, og husdyrproduksjon i resten av landet. Difor er det viktig at me vernar om matjorda vår.

Jordbruket er den største næringa Noreg har på land. Det er naudsynt med ei føreseieleg og berekraftig retning for næringa dersom me skal lukkast i det grøne skiftet. Klok forvalting har alltid vore sentralt i jordbruket, og det skal me byggja vidare på. Norske bønder driv etter berekraftsprinsippet: Me skal forvalta jorda, og overlevere ho i betre stand til neste generasjon. Matproduksjonen skal vera berekraftig med omsyn til økologi, økonomi og sosial berekraft. Slik sikrar me eit levande jordbruk, busetjing og arbeidsplassar over heile landet.

## Løysingar:

- Norsk landbruk skal haldast utanføre EØS-avtalen.
- Staten skal jobba for at næringa skal få gjennomført tiltaka i klimaavtalen for jordbruket, gjennom å sikra finansiering av tiltaka i avtalen og uten at det betyr nedskalering i jordbrukssektoren.
- Nå målet om nullvisjon av soya i dyrefor innan 2030 ved å satsa på norskproduserte, miljøvenlege alternativ til importerte råvarer i dyrefôr.
- Gjenomføra eit kompetanseløft om norsk jordbruk i grunnskulen.
- Godtaka nydyrkning av grunn myr for å auka norsk matproduksjon.
- Animalske produkter som er importert til Noreg skal tydeleg merkast med «Importert» og landet varene er produsert i.
- Auka stønaden til forskning på genredigerte matplanter tilpassa norske veksttilhøve, sin teknologi og tilpassa endra veksttilhøve i fremtida som følgje av klimaendringar. Genredigerte planter utvikla med offentlege middel skal ikkje eigast av internasjonale konsern.
- Oppretta ei fondsordning for landbruket.

- Innføra startpakke for unge bønder som vil satsa innan jordbruket, for å redusera risiko og gjera det mogleg å investera i drifta.
- Føre ein tydelig kanaliseringspolitikk for å sikra best mogleg utnytting av areala.
- Bruka tilskotsordningane for å auka mengda areal i drift, og styrkja landbruket i heile landet gjennom arealtilskot for korn, nydyrkning, drift i vanskeleg terren, husdyrtilstskot, seter- og beitetilstskot.
- Auka målprisen og noteringsprisen for matkorn som eit insentiv for auka produksjon av matkorn på eigna areal.
- Ha eit sterkt importvern.
- Tillata motorferdsel i utmark på eigen grunn.
- Stimulera til vekstskifte og fangvekster i jordbruket for å unngå dei negative verknadane monokultur har på næringsinnholdet i jorda og det biologiske mangfaldet i miljøet rundt jorda.
- Ha høgare toll og lenger periode med tollvern på frukt og grønsaker for å stimulera til auka norsk produksjon.
- Matjord skal ha vern i Grunnlova, og me skal ha ein nullvisjon for nedbygging til anna enn jordbruksføremål.
- Setja av øremerkte middel til bemanning og kompetanseheving i Mattilsynet.
- Avgrensa makta til daglegvarekjedane, og styrkja innvernaden til råvareprodusentane.
- Fjerna dei konkuransopolitiske verkemidla i prisutjamningsordninga for mjølk.
- Fortsetja å jobba for lågare og restriktiv bruk av antibiotika i jordbruket.
- Auka tilskota til omstilling frå båsfjøs til lausdrift for å gjera overgangen til lausdrift enklare særleg for små- og mellomstore bruk.
- Sikra pelsdyrbøndane full kompensasjon av reelle tap og utgiftar knytta til omstillinga.
- Auka tilgjengeligheta til samlingsbaserte utdanningslaup innan landbruket for å ytterlig heva kompetansenivået innanføre norsk landbruk.
- Ha beredskapslager for mat- og såkorn.

## Skog

Alt som kan lagast av olje, kan i prinsippet også lagast av trevirke. Senterungdomen ser på norsk skog som nykkelen for å skapa ein berekraftig industri og auka verdiskapning i Noreg. Skogen er også ein viktig kjelde til å gjennomføra gode klimaløsningar i framtida. Ifylge SNs klimapanel må verda auka skogavvirkninga med mellom 50 og 200 prosent framover for å klara klimamåla. For Noreg betyr det at me kan auka hogstvolumet med 15-20 prosent og fortsatt taka i vare alle andre miljø og samfunnsmessige hensyn me må taka, til dømes artsmangfaldet. Samtidig som det vert hogd meir må det også plantast meir skog enn me gjer i dag. Den norske skogen bind i dag halvparten av alle klimautslippa våre, kvart år. Sidan krigen har volumet ståande skog auka i Noreg, men det siste tiåret har veksten stagnert. Tilskuddsordninga for skogplanting og skogkultivering må styrkast for å auka tilveksten igjen.

## Løysingar:

- Auka hogstvolumet med 20 prosent.
- Auka satsen på tilskot til planting og rydningshogst.
- Etablira tilskuddsordning for forskning på og etablering av produksjonen av nye produkt frå skog blant annet som erstatning for petroleumsbaserte produkt.
- Alle offentlige anbod må setja strenge klimakrav og der det er eit aktuelt og realistisk alternativ, henta inn tilbod/anbod om å byggja i tre.
- Etablira eit nasjonalt anlegg for gjenvinning av tre.
- Gjeninnføre GROT-tilskotet for å utnytta meir avfall frå skogen i industriell samanheng.
- Satsa på biokull i landbruket og trekull i industrien.

- Bevilga pengar til å utbetra skogsbilvegar, tømmerkaier, tømmerterminalar og eliminera flaskehalsar på vegnettet.
- Fullfinansiera planting på nye areal og auka Landbrukets Utviklingsfonds middel for skogkultur.
- Stimulera til større grad av lukka hogst.

## Fiskeri og havbruk

Berekraftig forvaltning er sentralt i Senterungdomens havbruk- og fiskeripolitikk. Havressursane skal koma det norske folk til gode, og sikra sunn og trygg norsk mat. Senterungdomen ynskjer eit tett samarbeid med næringa, forskingsmiljøa og dei lokale interessane for å skapa best moglege løysingar for framtida. Næringerane skal skapa arbeidsplassar og busetjing i heile landet, i tillegg til å bidraga til matberedskapen i Noreg. Ein treng lokal vidareforedling som legg vekt på at heile fisken (restråstoffet) skal nyttast. Me vil leggja til rette for ei berekraftig utvikling som tek omsyn til miljø, dyrevelferd og andre næringar. Kystflåten bidreg til ein heilårleg råstofftilgang og styrkjer dermed lokal verdiskaping samt sysselsetting langs heile norskekysten. Kystfartøya stimulerer til vekst og utvikling i kystsamfunna.

Det er avgjerande at næringane opplever ei føreseieleg framtid, og at krava til dei må vera foreinleg med å kunna driva og leva av det. For å oppretthalda busetjinga langs kysten, må havbruk og fiskerinæringane styrkast. Havbruk og fiskeri er ei avgjerande inntektskjelde for fiskeri og sjømatsnasjonen Noreg. Grunna auka bruk av teknologi for land- og havbasert oppdrett globalt, er det naudsynt å taka i vare og styrkja konkurransenekrafta til norsk sjømat på fleire marknader. Med god politisk styring og den sterke kompetansen som er i Noreg, skal me fortsetja med havbruk og fiskeri i verdklassen når det kjem til kvalitet, miljø og berekraft. Senterungdomen vil styrkja ansvarlige styresmakter i arbeidet deira mot kriminalitet og fusk i fiskeri- og sjømatnæringa. Dette innebærer auka øyremerkte middel til auka tilsyn frå Fiskeridirektoratet på kaikanten. Det skal ikke løna seg å bryta norsk lov.

### Løysingar – fiskeri:

- Vidareføra og styrkja ungdomsfiskeordninga og ungdomskvoter som bidreg til rekruttering av unge fiskarar.
- Auka vidareforedlinga i Noreg. Bearbeiding av marine produkt skal skje mest mogleg lokalt.
- Vidareutvikla føringsstilskotet for fiskeri som bidreg til lokal verdiskaping, auka sysselsetjing og levande distrikt.
- Styrkja kystfiskeflåten, sjarkflåten og leveringsplikta til lokale anlegg, for å sikra lokale arbeidsplassar og verdiskaping, og fjerna moglegheita for å kjøpa seg ut av leveringsplikta. Auka mengda rekrutteringskvotar for å sikra rekrutteringa til næringa.
- Satsa på elektrifisering og overgang til klima- og miljøvenleg drivstoff for fiskeflåten.
- Flytta kvoterettar frå havflåten til kystfiskeflåten.
- Utvide ferskfiskordninga for å sikra fleire heilårige arbeidsplassar i fiskeindustrien.
- Styrkja Fiskeridirektoratet i å gjennomføra fysiske kontrollar på kaikanteten.
- Kampen mot arbeidsmiljøkriminalitet og sosial dumping i fiskeri og sjømatnæringa må styrkast.
- Planlegginga av havvindmøller må gjerast i samarbeid med fiskerinæringa.

### Løysingar – havbruk:

- Utarbeida løysingar som bidreg til auka bærekraft og betre dyrevelferden i havbruksnæringa.
- Arbeida for at norskproduserte råvarer skal dekkja proteinbehovet til oppdrettsfisken, og på sikt fasa ut bruken av importert soyaprotein i kraftfôr.

- Auka lokal bearbeiding av marine ressursar.
- Syta for ei ansvarleg og framtidsretta forsking, og støtta opp om løysingar for god dyrevelferd, reduserte førekomstar av lakselus og mindre fiskedødelegheit.
- Lokalt setja av tilstrekkeleg areal med høvelege tilhøve for produksjon, utviklinga i oppdrettsnæringa skal rettast mot lukka og semilukka anlegg.
- Leggja til rette for auka bruk av nullutsleppsfartøy.
- Tilpassa oppdrettsanlegg for meir ekstremvær for å hindra rømming.
- Støtta opp om løysingar for å nytta avfall i form av biologisk masse.
- Kommunar skal kunna krevja arealskatt og eigedomskatt på oppdrettsnæringa. Skattepengane skal gå til kommunane oppdrettsanlegga er lokalisert i.
- Fordelingsnykkelen for havbruksfond skal vera 70 prosent til kommunane, 10 prosent til fylka og 20 prosent til staten.
- Innføra ein overskotsbasert grunnrenteskatt på 40 prosent frå oppdrettsnæringa som skal fylgja fordelingsnykkelen i Havbruksfondet.
- Setja i verk tiltak for å redusera miljøfiendtleg avfall i norske fjordar som fylgje av oppdretts- og havbruksnæringa.

## Olje og gass

Klok forvalting av våre naturressursar har sikra at inntektene frå olje og gassnæringa har kome det norske folket til gode. Dette har vore mogleg gjennom god politisk styring. Slik forvalting er berebjelken i demokratiet vårt, og skal liggja til grunn for vidare forvalting av norske naturressursar. Det er viktig at olje- og gassverksemda ikkje går på kostnad av våre fornybare naturressursar, som til dømes fisk.

I dag vert olje og gass brukt i alt frå drivstoff og straumproduksjon til å laga klede og mobiltelefonar. Å fasa ut denne råvara krev kloke løysingar. Alt me kan laga av olje, kan me i prinsippet laga av tre. Senterungdomen meiner at Noreg bør bruka inntektane og kompetansen me har opparbeida oss gjennom olje- og gassproduksjon til å gå føre i den grøne omstillinga. Me skal ha eit alternativ når etterspurnaden etter olje og gass vert redusert. Senterungdomen seier nei til oljeboring og konsekvensutredning i Lofoten, Vesterålen og Senja.

### Løysingar:

- Sikra at inntektane til staten frå olje- og gassproduksjonen fortsatt kjem innbyggjarane og lokalsamfunna til gode.
- Nytta inntekter, forskingsmidlar og kompetansen offshore i omstillinga til ein meir grøn industri som vindkraft, vasskraft, og skogsdrift.
- Betydeleg auka servering av norskproduserte matvarer offshore.
- Å minska utsleppa frå olje og gassverksemder skal gjennom energieffektivisering, redusert fakling, elektrifisering, og dekarbonisering gjennom fangst og lagring av CO<sub>2</sub>.
- Petroleumsnæringa skal på line med andre næringar taka sin del av norske klimaforpliktingar gjennom kvotesystemet og ei særleg høg CO<sub>2</sub>-avgift.
- Byggja ut oljevernberedskapen langs heile kysten.
- Leterefusjonsordninga må beholdast for å sikra små selskaper moglegheit til å konkurrere om allereie vedtekne utvinningar.
- Stansa leiting etter nye olje- og gassfelt.
- Noreg skal taka initiativ til ein global forpliktande nedtrappingsavtale i fellesskap med andre nasjonar som produserer fossile energikjelder.
- Setja ned ein energikommisjon som skal greia ut gradvis nedtrapping av norsk olje- og gassproduksjon basert på framtidig etterspurnad, klimarisiko og utsleppsforpliktingar.

## Reiseliv

Reiselivsnæringa opplevde historiske medgangstider før koronapandemien, og er ein viktig del av norsk næringsliv. No er det viktig at næringa får fortsetja å vaksar, slik at menneske frå heile verda forset skal få oppleva vår storslegne natur, stolte mattradisjonar og unik kulturarv. Senterungdomen meiner at Noreg som reiselivsdestinasjon har eit ansvar om å driva ein så bærekraftig og miljøvennlig næring som mogleg, og at ein del av løysinga vil vera å leggja til rette for at fleire nordmenn ferierer i eige land.

Der det er mogleg, vil Senterungdomen i større grad gjera attraksjonar og aktivitetar tilgjengelige heile året, og gjennom dette styrka Noreg som helårdestinasjon. I kombinasjon med ein jamn turiststrøm heile året, vil dette gjeva fleire trygge arbeidsplassar landet rundt, og gjøra jobb innan reiselivsnæringa til ein enda betre yrkesvei å gå

### Løysingar:

- Leggja til rette for at norsk mat og drikke i større grad skal gå inn som ein del av reiselivsprodukta.
- Leggja til rette for auka bruk av nasjonalparkar innanfor naturbasert turisme, der det vern- og forvaltningsmessig let seg gjera, samt leggja til rette for meir opplevelsesbasert turisme.
- Staten skal bidraga aktivt til at all cruisetrafikk i norske farvatn baseres på nullutslippsteknologi til havs.
- Redusera lokal forureining gjennom å leggja til rette av landstraum for cruiseskip og kystruteskipa.
- Opna for at kommunane sjølv kan avgjera om dei vil ha turistskatt.
- Regulera jakt- og fiskebasert-turisme i større grad.

## Mineralnæringa

Noreg har truleg mineralverdiar for om lag 2500 milliardar kroner. Det er ein skatt Noreg må forvalta berekraftig og langsiktig. Ei gruve kan berre gravast ein gong, og i takt med meir og meir effektiv teknologi må staten krevja at ressursane vert forvalta best mogleg.

Lokalsamfunna kring gruvene skal få klåre fordelar av næringsverksemda.

Omsynet til natur og miljø må vega tungt i mineralnæringa. Det skal ikkje opnast for gruver i samiske område viss ikkje Sametinget har vore konsultert tidleg i prosessen, for å unngå å øydeleggja for reindrifta og i tråd med menneskerettane til samane som eit urfolk. Noreg har naturgjevne forutsetningar som kan gjera at fjorddeponi i somme høve er betre for miljøet enn landdeponi. Ved opning av ny gruvedrift må miljøfaglege hensyn veia tungt i beslutninga om korleis gruvemassane skal verta behandla, og det skal etterstrebast at mest mogleg av gruvemassane vert gjenbrukt i staden for å verta deponert.

### Løysingar:

- Kartleggja mineralresursane i Noreg og stø forsking på effektiv og berekraftig gruvedrift.
- Noreg skal revidera tollsystemet og gjennomgå regelverket for mineralprodukt med mål om å auka bruken av norsk naturstein.
- Innføra ei kommunal utvinningsavgift for å gjeva kommunane ein del av verdiskapinga ved mineralutvinning og ved utvinning av sjeldne jordartar.
- Berre tillata fjorddeponi viss det er tilrådd ut frå miljøfaglege råd.

## KLIMA OG MILJØ

### Klima

Naturen er forutsettinga for alt godt i Noreg og verda. Alle diskusjonar om velferd, arbeidsplassar, skatt og spørsmål om rettar er ubetydelege viss me ikkje har ein natur å leva i og av. Vår suksess som land kan leggjast i stor grad på ein klok forvalting av fornybare naturressursar gjennom fleire århundre. Senterungdomen ynskjer ei klok forvalting, framføre vern. Ei betre forvalting av naturen vil på sikt føra til eit mindre behov for varig vern. Me må forsetja å taka rolla vår som naturforvaltar på alvor, og gjera dei tiltaka som er naudsynte for å sikra ein god og leveleg verd også i framtida.

Ei varmare verd vil føra til auka matmangel, auka ekstremvêr og gjeva store ubebolege soner i områd der det bur folk. Jamvel om Noreg er godt stilte i forhold til mange andre land, vil me likevel merka klimaendringane gjennom meir nedbør og flaum, meir innvandring frå klimautsette område og ved at det vert meir krevande å importera maten me treng. Verda inkludert Noreg har forplikta seg gjennom Parisavtalen å verta karbonnøytrale innan 2050.

Me er nøydde til å taka klimahensyn innanføre alle politiske område. Omstillinga me skal gjennom kjem difor til å verta krevande, men den gjev også mange moglegheiter. Samtidig som me må verta mindre avhengige av oljenæringa, har me moglegheit til å utvikla nye, grøne næringar og industriar. Dette vil gjeva verdiskapning og nye arbeidsplassar i heile Noreg. Noreg skal fylgja opp sine internasjonale plikter og taka ei leiarrolle i utviklinga av storskala klimaløysingar. Me skal bruka kompetansen me allereie har til å utvikla alt fra havvind til hydrogen og batteriteknologi.

### Løysingar:

- Fornybare alternativ må gjerast billigare enn fossile. Skatte- og avgiftssystemet er det viktigaste verkemiddelet for å få til dette.
- Noreg skal nå måla i Parisavtalen og bidraga til at andre land gjer det same.
- Produksjon, sal og bruk av norsk biodrivstoff skal vera avgiftsfritt, og framstillinga av biodrivstoff skal ikkje gå på bekostning av sårbarer naturressursar, som til dømes regnskog.
- Omsetningskravet for biodrivstoff skal verta auka med 5 % kvart år for vegtrafikk fram mot 2030, i same tidsrom skal innblandingskravet for flytrafikk verta tydeleg auka.
- Nullutslippskjøretøy skal, fram til marknaden er stabilisert, ha betydelige avgiftsfordelar.
- All ny offentlig transport på bakkenivå skal vera fossilfrie innan 2025.
- Noreg skal vera ein sterk bidragsytar til at verdssamfunnet omstiller seg til eit fornybart samfunn innanføre 1,5-gradermålet.
- Auka CO<sub>2</sub>-avgift i tungtransportsektoren skal setjast til side i eit CO<sub>2</sub>-fond som stør skiftet til nullutslippsteknologi og fornybare drivstoff innan sektoren.
- Byggja ut fullskala produksjon av alternative proteinkjelder i Noreg.
- Greia ut målretta stønadsordningar eller teknologinøytrale lettar i avgiftar for sektorar der det manglar eit grønt teknologisk alternativ.
- Dobla rammene for dei miljørelaterte mandata til Oljefondet og den øvre grensa for investeringar i unotert infrastruktur for fornybar energi.

- Oljefondet skal ut av alle investeringer i kullindustri innan 2025.
- Redusera det materielle forbruket ved å satsa på reparasjon framfor å leggja til rette for å kjøpa nytt.
- Sikra ein forvarleg forvalting av nordområda ved å flytta iskanten sørover. Ha varige petroleumsfrie område i og utanføre Lofoten, Vesterålen og Senja.
- Innføra ei ordning for attendebetaling av grøne avgifter, som CO<sub>2</sub>-avgift og -kvoter, til innvunarane med eit mål om sosial og geografisk utjamning.
- Noreg må innføra klimatoll.

## Miljø

Naturen er forutsettinga for livet på jorda slik me kjenner det i dag. Menneske er i kvarldagen meir skilt frå naturen enn nokon gong tidligare, og fokuset på økonomisk vekst bidreg til auka forbruk, auka arealbruk og meir avfall. Jamvel er me fortsett heilt avhengige av dei tønestene og ressursane som naturen gjev oss. At naturen er i god stand legg grunnlaget for matproduksjon, rekreasjon, turisme og uttak av ressursar. Samtidig som mange arter og naturtypar har både ein reell og potensiell nytteverdi for menneske, har også naturen ein eigenverdi. For å taka vare på disse verdiane må naturen slik at planter og dyr som finnast naturlig vert sikra i levedyktige bestander.

Utrydding av artar gjennom forureining og kverrsetjing av levaområda deira, er ein av vår tids store utfordringar. I dag dør artar ut tusen gonger raskare enn normalt, og i Noreg har minst 114 arter døydd ut dei siste 200 åra. Dei viktigaste årsakene til at artar vert utrydda er arealendringar, mellom anna gjennom utbygging av hytter, vegar og kraftverk, samt monokulturar, dårlig forvalting av skog og gjengroing av kulturlandskapet. I framtida vil også klimaendringer være en økt trussel mot mangfaldet. Løysinga må vera ein heilskapleg forvaltartankegang og berekraftig utnytting av ressursane. Det betyr å bruka naturen basert på premissane og tålegrensane til han, men også å verna og avgrensa bruken ved behov. Samstundes må me endra dagens forbruksmønster gjennom å kjøpa mindre, utnytta ressursane betre og dermed kasta mindre. Senterungdomen ynskjer eit samfunn i samspel med naturen, med klok forvalting der bruk og vern går hand i hand.

## Løysingar:

- Innføra ein panteordning for retur av plast og ei materialavgift på ikkje-resirkulert plast for å stimulera til meir resirkulering.
- Kystflåten skal kunna returnera alt søppelet dei får i trål/not gratis på land.
- Etablera fleire norske resirkulering- og gjenvinningsanlegg og leggja til rette for god avfallshandtering i heile landet.
- Grundig overvaking og forvarleg handtering av nye artar som kjem inn i landet, mellom anna grunna klimaendringane.
- Føra vidare stønadsordninga med frivilleg skogvern i samarbeid med skognæringa.
- Forvaltinga av rovvilt skal inn under landbruksdepartementet for å sikra ein heilskapleg vurdering av dei ulike hensyna. Forvaltinga må i større grad byggja på regional og lokal kunnskap.
- Jerv, gaupe, bjørn og ørn skal ha klåre bestandsmål og skal kunna verta teke ut raskt for å redusera skadar på beitedyr og økonomiske tap. Det skal vera nullvisjon for ulv og svartelista artar.
- Rovdyrkontaktane må vert gjevne tillit til å utøva skjønn i arbeidet med å dokumentera dyr som er tekne av rovdyr.
- Innføra kvotejakt på hav- og kongeørn.
- Gjeva økonomiske subsidiar til kommunar og fylkeskommunar for å utreda og innføra tiltak som har positiv effekt på pollinerande innsekt.

- Utbygging i områder med verdifull natur, til dømes myr, må så langt det let seg gjera verta avgrensa.
- Intensivera kampen mot svartlista hageplanter og regulera importen og sal av desse i større grad.



## TRANSPORT OG KOMMUNIKASJON

### Infrastruktur

Infrastruktur legg grunnmuren for samfunnsutvikling. Veg, jarnbane, ferjer, flyplassar, breiband og mobilnett knyter landet saman. Dersom det skal vera mogleg å ha levande lokalsamfunn og yrande næringsliv i heile landet, må ein sikra alle gode kommunikasjonsmoglegheiter. Trygge reisemoglegheiter og stabil dekning for alle er minimumskravet til Senterungdomen.

Det er viktig at me satsar på klimavenlege løysingar når me skal utvikla noverande og nye løysingar for transport og kommunikasjon. Me har eit samfunnsansvar for å stadig heva krav til utsleppsreduksjon i alle delar av samfunnet vårt. Vidare er det eit statleg ansvar å syta for at fylka og kommunane får dei økonomiske føresetnadane som trengs for å få til grøn omstilling i praksis. Dette vil vera investeringar for framtida.

#### Løysingar:

- Sikra digital allemannsrett ved å gjeva alle innbyggjarar i landet tilgang på mobildekning og eit raskt breiband.
- Gjeninnføra den statlege ordninga av nettleige umiddelbart, og på kort sikt få på plass ei utjamning av nettleiga som sikrar eit rettferdig prisnivå i heile landet.
- Leggja til rette for at fleire offentlege møte og konferansar vert gjennomført som videokonferanser, for å spara tid, pengar og klimagassutslepp.
- Regulera drosjenæringa slik at sjåførar og passasjerar i heile landet har gode og føreseielege vilkår.
- Satsa på infrastruktur til klimanøytrale kjøretøy som er tilpassa bruk i distriktet, i tillegg til å byggja ut 10 000 hurtigladare over heile landet innen 2025.
- Staten må taka den fulle rekninga for elektrifiseringa av ferjesambanda, uavhengig av om sambanda er på europa-, riks-, eller fylkesveg.
- Dela opp dei største anbodskonkurransane på infrastrukturprosjekt så norske entreprenørar kan vinna anbodskonjuransane.

### Veg

Noreg er eit langstrekta land som breier seg over fjord og fjell. Dermed er det spesielt viktig å ha gode og trygge vegar. Sidan store delar av trafikken vår går på vegnettet, er det livsviktig å forbetra vegar som er prega av dårlig vedlikehald og farlege strekningar. Senterungdomen meiner det hastar å løyva nok pengar til å taka att dette etterslepet. Me treng ei offensiv satsing på trafikksikring og reduksjon av ulykker og dødsfall i trafikken. Ved nybygging av veg må det takast omsyn til både tryggleik, reisetid og utslepp.

#### Løysingar:

- Ha eit forpliktande fylkesvegløft, der staten gjev fylka gode nok økonomiske rammer til å taka att etterslepet på fylkesvegane.
- Prioritera rassikring i utsette område.
- Hindra uheldige trafikksituasjonar ved å auka utbygginga av gang- og sykkelvegar, og taka i bruk snittmålingar og midtrabattar på fleire utsette strekningar.
- Innføring av bompengar eller tilsvarande avgifter må taka omsyn til lokale ynskjer og behov, alternative transportmoglegheiter og betalingsevne.

- Flytta tungtransporten på vegnettet over på sjø og bane der det er mogleg.
- Fleire kontrollar av trailarar på grensa og andre strategiske stader innanlands, og strengare krav til utstyr og kompetanse.
- Taka hensyn til jordvern ved bygging av nye vegar.
- Alternativ til bompengar, slik som vegprising, som tek meir omsyn til betalingsevne må utredast.

## Jernbane

Tog er eit viktig verktøy for å frakta både folk og varer som skal vera konkurransedyktige samanlikna med fossildrevne transportalternativ. For Senterungdomen er det viktig at me held fram med å byggja ut jarnbanenettet. Gjennom statleg styring skal me byggja meir og klimavenndleg bane, og dessuten elektrifisera eksisterande strekningar.

### Løysingar:

- Elektrifisera heile det norske jarnbanenettverket innan 2030, og støtta opp om utvikling av ny teknologi som batteritog for å få ned kostnadane.
- Styrkja nattogtilbodet gjennom fleire sovekupear.
- Jarnbanen skal renasjonaliserast. Norsk jarnbanepolitikk må styrkast av folkevalde på Stortinget, og ikkje av EU eller andre aktørar.
- Nord-Noregbanen skal inn på nasjonal transportplan i laupet av neste stortingsperiode.
- Noregs jarnbanetilbod skal vera konkurransedyktig samanlikna med fossildrevne transportalternativ.
- Prioritera utbygging av jarnbanelinjer og jarnbanekapasitet framfor å auka kapasitet på store innfartsvegar.
- Etablira gode togforbindingar til Europa, inkludert nattog.

## Fly

Flytilbodet på kortbanenettet er ein viktig del av kollektivtilbodet. Særlig i Nord-Noreg og på Vestlandet er fly det suverent mest tidseffektive reisealternativet. Senterungdomen vil taka vare på norske lufthamner, samtidig som det må takast grep for å få ned utslippa knytta til luftfarten. Derfor vil me arbeida for elektrifisering og utslippskutt i flytrafikken, og taka eit oppgjer med det låge prisnivået på utanlandsreisar.

### Løysingar:

- Det skal utarbeidast ein plan for forsyning av elektrisitet og hydrogen på kortbanenettet i Noreg.
- Styrkja rutetilbodet til flyplassar i distrikta og halda fast ved ordninga med statlege rutekjøp i luftfarten.
- Få ned utslippa frå luftfarten ved å bruka avgiftar til å stimulera til bruk av dei mest miljøvennlege fly- og drivstofftypane.
- At flyseteavgifta vert skrota på fly under 20 tonn, for å i større grad bevara kortbanenettet.
- Styrkja rammeoverføringane til fylkeskommunane i tråd med overføringa av ansvaret for FOT-rutene.
- Forlata eller reforhandla Chicago-konvensjonen for å kunna auka avgiftsnivået på utenlandsreiser, samt innföra ein progressiv passasjeravgift på de mest trafikkerte innlandsstrekningane der tog er eit reelt alternativ.
- Me seier nei til en tredje rullebanen på Gardemoen.

## Kollektivtransport

Kollektivtransport driven på ein berekraftig og effektiv måte, er ein gunstig transportløysing for alle partar og eit konkuransedyktig alternativ til fossildriven transport. Senterungdomen meiner at tilbodet i store delar av landet ikkje er bra nok, verken for innbyggjarane eller klimamåla me har forplikta oss til å nå. Dette kan me løyse gjennom kloke investeringar i tida framover.

### Løysingar:

- Ha eit betre og meir effektivt kollektivtransporttilbod i heile landet.
- Alle ungdom i heile landet skal ha eit trygt alternativ for å koma seg heim, anten via ordinær kollektiv transport eller bestillingstransport, etter modell fra "heim for 50" og liknande ordningar.
- Byggja opp under større bo- og arbeidsregionar ved å satsa på kollektivtransport, pendlerparkering, innfartsparkering og sykkelhotell spesielt i og rundt dei store byane.
- Innføra eit felles rute- og billettsystem for all kollektiv transport.
- Lågare billettprisar for kollektivtransport på landsbasis, for å sikra konkuransedyktigheit mot biltransport.
- Innføra eit rimeleg, nasjonalt månadskort for kollektivtransport for born og unge under 25 år og studentar fram til fylte 30 år.
- Oppretta eit CO<sub>2</sub>-fond for flytrafikken der inntekter frå flypassasjeravgifta og drivstoffavgifter frå fly vert brukt til utvikling av biodrivstoff til fly og av elektriske og hydrogendrivne fly.
- Universell utforming av kollektive alternativ skal prioriterast, mellom anna gjennom god skilting, annonserte holdeplasser og rullestolramper.



## ARBEID OG VELFERD

### Arbeidslivspolitikk

Arbeid er viktig både for sjølvrealiseringa hjå individet, familielivet og for samfunnet. Arbeidslivet bidreg til sysselsetting, økonomisk vekst og utnytting av ressursar i heile landet. I Noreg vert arbeidslivet prega av høg grad av organisering, tillit og omfattande lovverk. Det er verdiar me må taka vare på, men som er under sterkt press frå liberaliseringspolitikken til høgresida og EU. Norske løns- og arbeidsvilkår vert truga gjennom sosial dumping og fri flyt av arbeidskraft.

Trepartssamarbeidet er avgjerande for å ha eit ryddig arbeidsliv. Tillit er viktig for å ha eit inkluderande og godt arbeidsliv der arbeidstakare har medverknad og at oppgåver vert løyst i samarbeid og gjensidigkeit. Også når økonomien opplever alvorlige sjokk, må me verna om eit trygt arbeidsliv.

#### Løysingar:

- Norske løns- og arbeidsvilkår skal gjelda for alle som jobbar i Noreg og i norske farvatn.
- Gjennomgå praksis i offentlig sektor for å fjerna overflødige reglar og dokumentasjonskrav.
- Jobba for eit arbeidsliv prega av heile, faste stillingar.
- Leggja til rette for at alle som jobbar i statlige arbeidsplassar der ein ikkje har direkte kontakt med folk skal kunna jobba der dei vil etter avtale med arbeidsgjevar.
- Når det vert etablert nye statlege arbeidsplassar skal desse som hovudregel verta lagd rundt om i landet.
- Flytta nokre større direktorat, til dømes Utdanningsdirektoratet, ut or Oslo.
- For å hindra sosial dumping skal det stillast større krav til sertifisering, spesielt innan mindre regulerte fagområde.
- Innføra og videreutvikla «Oslo-modellen», som nasjonale retningslinjer for byggeprosjekt for å sikra fast tilsette, bruk av faglærte handverkare, lærlingar og gode løns- og arbeidsvilkår.
- Sikra at rettane til arbeidstakarane vert tekne i vare i ein teknologi- og delingsbasert tenestenæringer.
- Forhandla fram ein ny, forpliktande IA-avtale mellom partane i arbeidslivet for å auka andelen funksjonshemma, folk med innvandrerbakgrunn og eldre i arbeid, samt få ned sjukefråværet.

### Tillitsreform

Senterungdomen vil ha eit samfunn som er basert på ansvarsfordeling og tillit, heller enn tvang og rapporteringskrav. Me vil utvikla Noreg gjennom eit levande folkestyre der flest mogleg avgjersler vert fatta lokalt. Folkevalde bør tilbakeførast meir makt på bekostning av styre og overnasjonale organ, fordi det er eit viktig demokratisk prinsipp at me kan ansvarleggjere dei som fattar avgjersler som påverkar kvardagen vår.

Gode liv og trygge samfunn er vanskeleg å måla, og me er difor skeptiske til å organisera det offentlege etter ein leiingsmodell som byggjer på styringsprinsipp frå privat sektor. Å redusera unaudsynt byråkrati i arbeidslivet vil gjeva arbeidstakarane betre tid til å gjera jobben dei er tilsett for å gjera. Senterungdomen vil taka eit oppgjer med skjemaveldet. Noreg treng ei tillitsreform!

## Løysingar:

- Oppheva sammenslåingar vedtekne i perioden 2013-2021 dersom kommunar og/eller fylker sjølv ynskjer det.
- Forenkla kontroll- og rapporteringskrav, slik at flest mogleg ressursar kan brukast på verdiskapning framføre skjemavelde.
- New Public Management skal ikkje dominera som leiingsmodell i det offentlege.
- Omfanget av direktorat og statleg byråkrati må reduserast.
- Tilskot til kommunar og fylkeskommunar skal som hovudregel vera frie middel.
- Flytta oppgåver og pengar frå statleg til kommunalt og fylkeskommunalt nivå.

## Velferd

Eit grunnleggjande prinsipp for Senterungdomen er å sørga for at alle innbyggare i Noreg i størst mogleg grad får like moglegheter til å oppnå god velferd og leva meiningsfulle liv. Senterungdomen ser med uro på dei aukande skildnadane mellom rike og fattige i Noreg. Eit økonomisk jamstilt samfunn er derfor eit viktig mål for velferdsstaten. Det er viktig å halda offentlege trygdeytingar på eit nivå som gjer at mottakarane kan leva fullverdige og gode liv, samtidig som ein skal føra ein politikk som held statens utgifter til ytingar på lågast mogleg nivå, og som stimulerer til arbeid framfor lediggang.

Senterungdomen ser med uro på talet på unge uføre i Noreg som så vidt eller aldri får taka del i arbeidslivet og dermed vil slita økonomisk under dagens ordningar. Det er eit problem for samfunnet og det er eit problem for den særskilte. Senterungdomen ynskjer å setja til verk førebyggande tiltak som gjev betre folkehelse, og ellers leggja til rette for at enkeltpersonar skal kunne bidraga med sine ressurser. Arbeidslivet må vera inkluderande, og NAV må leggja meir til rette for oppfølgning av den særskilte.

## Løysingar:

- Velferdstenester skal primært verta drivne av kommunar og fylkeskommunar. Ideelle tilbydare eit viktig supplement, som me ynskjer å utvida på bekostning av den voksende private kommersielle sektoren.
- Pensjonsalder skall vera i samsvar med den generelle livskvalitet og arbeidsevna til innbyggjarane, gjeldande særaldersgrenser må kritisk verta gjennomgått.
- Jobba for at me får færre unge uføre, og aktivt jobba for at fleire for å utnytta restarbeidsevna sin.
- Gjeva NAV eit tydelig mandat og tilstrekkelig med ressursar til å fylgja opp personar på uføretrygd som ynskjer å koma inn på arbeidsmarknaden.
- Utvida ordninga med lønstilskot til arbeidsgjevare som tilsett arbeidstakare med delvis arbeidsevne.
- NAV-kontora må vera kompetente og ha fridom til å gjeva brukare individuelt tilpassa tenester.
- NAV må gjera meir av kjerneoppgåvene knytta til arbeidsrettet avklåring og oppfølgning.
- Leggja til rette for ei auking innanføre VTA og VTAO plassar, og styrkja posisjonen til vekstbedriftane i kommunane.
- Jobbspesialistar i NAV bør vera eit virkemiddel ved alle NAV-kontor.
- Utvida omfanget av ordninga med varige og midlertidige lønstilskot til arbeidsgjevar.
- Ikkje innföra karensdag ved sjukdom.
- Beholde dagens sjukelønnsordning.
- Auka lengda på arbeidsgiverperioden for å styrkja insentivet til arbeidsgjevar om tettare oppfølgning av sjukemeldte, men dela kostnadane med NAV også i arbeidsgjevarperioden.
- Föra vidare pensjonsordninga for etterletne (den sokalla: «etterlattepensjonen»).

## Bustadpolitikk

Ein trygg bustad er eit viktig element i alle menneske sitt liv. Forsking syner at å eiga ein bustad fører til betre helse, og mindre arbeidsledigheit. Noreg er eit land med sterkt tradisjon for sjølveige – heile 82,2 prosent av alle nordmenn bur i ein bustad som nokon i hushaldet eig. Me opplever eit stadig større press på bustadmarknaden. I dei store byane er det særskilt høge prisar, og i distrikta opplever folk at kostnadane med å byggja ikkje samsvarar med panteverdien. Dette gjer det utfordrande å koma seg inn på bustadmarknaden, særleg for unge fyrstegangskjøparar.

Noreg treng eit bustadsosialt lyft. Alle skal ha moglegheit til å anten eige eller leige. Det må byggast fleire studentbustader. Det er viktig at staten ikkje legg for mange føringar for kommunal bustadbygging. Me lyt leggja til rette for lokale tilpassingar, og utnytta marknaden for å få lågare prisar. Kommunale og statlege bustader lyt ha universell utforming og tilrettelegging for eldre og funksjonshemmede. Me lyt halda fram med dagens gode ordningar som BSU og husbanken.

### Løysingar:

- Tryggja situasjonen til fyrstegangskjøparar, ved å få ned prisane og halde fram med BSU.
- BSU kan berre nyttast av fyrstegangskjøparar.
- Skattefritak på GSU på lik line med BSU ordninga.
- Byggje fleire studentbustader.
- Styrkja Husbanken så kommunane vert best mogleg i stand til å gjennomføra aktiv bustadpolitikk, tilpassa den lokale marknaden.
- Redusera energiforbruket i private hushald, industrien og i transportsektoren.
- Styrkja arbeidet med å auka delen bustader med universell utforming.
- Heva maksgrensene i BSU til 30 000 kroner i årleg sparing og 400 000 som totalbelaup, og heva skattefrådraget med tilsvarande auke av årleg innskot til BSU.
- Styrke leie-til-eie ordninga i distrikta så vel som i byane for å støtta unge nyetablerte samt minska utflytting fra distrikta.
- Gå gjennom skatteregimet for boligeigar med sikte på å redusera talet på nullskatteytere.
- Opna opp for at kommunar kan få ekstra kompensasjon frå staten om de sel lågt prisa boligomter til fyrstegangsetablerare.

## Asyl og integrering

Senterungdomen vil føra ein rettssikker og human flyktning- og asylpolitikk, som byggjer på våre internasjonale forpliktingar. Me skal gjera så mykje som vår nasjonale kapasitet tillet for å taka ansvar for menneske på flukt. Tidleg innsats, rask busetjing og sysselsetjing er avgjerande for å sikre god integrering, både for enkeltpersonane det gjeld og samfunnet som heilskap. Busetjinga må skje i heile landet.

Ansvaret for å integrera nye borgarar ligg hjå kommunane, og det er viktig at kommuneøkonomien ikkje er til hinder for god integrering i store og små lokalsamfunn. Det må innførast eit system for kartlegging av utdanning og arbeidserfaring, slik at innvandrarar vert busett i kommunar med arbeidsmoglegheiter som er relevant for deira kompetanse. I asylsøknadsprosessen og klagesaker skal barnets beste leggjast stor vekt på.

### Løysingar:

- Taka inn dei mest sårbare flyktningane gjennom SN-kvota.
- Stogga dagens praksis for opphøyr av opprinnelag rettmessig flyktningstatus.
- Busetjing, realkompetansevurdering og sysselsetjing skal skje så raskt som mogleg etter at opphaldsløyvet er gjeve.

- Ureturnbare asylsøkare skal ha moglegheit til arbeid og kunne bidraga i samfunnet.
- Kommunane skal få full statleg finansiering for busetjing av flyktningar.
- Utvida retten til midlertidig arbeidsløyve.
- Fleire asylsøkjarar skal få moglegheit til å forklara seg munnleg for UNE.
- Sikra asylmottak i heile landet.
- Auka norskundervisningstimar til asylsøkarar i mottak frå 175 til 250.
- Styrkja rettshjelpsordningar i utlendingssaker.
- Gjera familiegjenforeining for flyktningar enklare og billigare.

## ØKONOMISK POLITIKK

Skattesystemet er blant våre sterkeste politiske verkemiddel, og ansvaret for å forvalta norsk økonomi er ei sentral politisk oppgåve. At alle skal ha like moglegeheit til å oppnå god velferd og leve meiningsfulle liv, er i kjernen i Senterungdomens politikk. Difor vil me ha eit skatte- og avgiftssystem som skapar små forskjellar og store moglegeheit i heile landet.

Me ynskjer ein økonomisk politikk som fremjar sosial og geografisk utjamning, samstundes som me held statlege utgifter på eit forsvarleg nivå. Dette føreset eit progressivt skattesystem, der dei som har mest bidreg mest til fellesskapet. Det er viktig å leggja til rette for verdiskaping og investeringar i norsk næringsliv. Det skal løna seg å arbeida, og skattesystemet skal stimulera til auka entreprenørskap og nyskaping.

### Løysingar:

- Sikra ein stabil og føreseieleg økonomisk politikk som legg til rette for vekst og verdiskaping, sysselsetjing og god sosial og geografisk fordeling.
- Eit progressivt skattesystem som minskar forskjellane mellom rike og fattige i Norge.
- Konsesjonslovene må oppdaterast og styrkast.
- Styrkja frådrag som legg til rette for at folk kan leve og bu i heile landet, til dømes pendlarfrådrag og foreldrefrådrag.
- Grunnlovsfesta den norske krona og sikra pengepolitikk under nasjonal kontroll.
- Styrkja den differensierte arbeidsgivaravgifta som eit hovudverkemiddel i distriktpolitikken.
- Gjeva investeringsstønad til prosjekt i olje- og gasselskap som bidreg til mindre klimagassutslepp og grøn næringsverksemnd.
- Innføra digitalskatt.
- Skattesystemet skal stimulera til bruk av naturressursar i heile landet, og sikra at verdiskapinga vert verande i lokalsamfunna som bidreg.
- Gjennomgå alle statlege avgifter, og vurdera om dette i staden kan betalast meir rettferdig gjennom skatt.
- Staten må kompansera kommuner og fylker ved store uførutsetja hendigar som naturskader og pandemi.
- Opna for at Folketrygdfondet kan gjera strategiske investeringar i Noreg som kjem fremtidige generasjonar til gode.
- Innføra ein progressiv arveskatt med botnfrådrag som ligg på åtte millionar kroner.
- Innføra kjeldeskatt for verksemder som ikkje er eller har vorte etablert i Noreg, men som opererer i Noreg
- Forbyda reklame for forbrukslån.

## HELSE OG OMSORG



Alle skal ha moglegheit til å taka vare på eiga helse, både fysisk og psykisk. Ein god helsepolitikk er med på å redusera sosiale skilnadar i samfunnet, samstundes som det fører til betre livskvalitet for kvar enkelt borgar. For å få til dette må det satsast på førebygging, eit desentralisert helsetilbod og betre samhandling mellom dei ulike delane av Helse-Noreg. Senterungdomen vil jobba for heile og faste stillingar, stabil bemanning og økonomiske rammer som faktisk gjer dette mogleg. Me skal sikra rekruttering av alle typar helsearbeidarar, og leggja til rette for at fleir ynskjer å verta verande innan sektoren. Folkehelse og førebyggande helse står sentralt for å sikra ei god helse i den norske befolkninga. Med god satsing på god folkehelse og førebygging kan ein spara befolkninga mange helseplagar, sjukdom og lidningar. Dette vil samtidig spara nasjonen for mange kostnadnar som kan kome befolkninga til gode på anna vis.

### Løysingar:

- Helseføretaksmodellen må avviklast, og ansvaret for norske sjukehus må førast tilbake til folkevald styring.
- Ansvarsfordelinga mellom sjukehus og kommunar må gjennomgåast kritisk. Tildeling av ressursar må samsvara med faktisk ansvar og utgifter.
- Tal på studieplassar for helsefaglege utdanningar må aukast og fleire må få moglegheita til vidareutdanning.
- Støtta utvikling og innføring av ny velferdsteknologi.
- Leggja ned E-helsedirektoratet.

## Sjukehus

Senterungdomen ser verdien av eit desentralisert og offentleg sjukehustilbod i heile Noreg. Alle skal føla seg trygge på at dei får den hjelpe dei treng, uansett kvar ein bur. Me må ha sjukehus som set pasienten og ikkje pengane i fokus. Difor må helseføretaksmodellen avviklast og styringa av sjukehusa tilbakeførast dei folkevalde. Det er også viktig at fødande kvinner har eit godt og trygt fødetilbod uavhengig av avstanden til nærmaste sjukehus.

### Løysingar:

- Det må sikrast eit desentralisert helsetilbod. Dagens sjukehusstruktur ligg fast, og rolla til lokalsjukehusa må styrkast med middel til oppgradering og kompetanseløft.
- Lovfesta retten til fylgjetenester for fødande kvinner med meir enn ein time reiseveg til fødeeinga dei skal føde ved.
- Auka talet på sengeplassar i psykisk helsevern, og akutttilbodet i tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Psykisk helsevern ved distriktspsykiatriske sentre (DPS) skal strykast og vidareutviklast.
- Greia ut moglegheita for fleire kombinerte psykiatriske og somatiske einingar.
- Auka talet på sengeplassar for traumepasientar og arbeida for fleire avdelingar med spissa kompetanse på traumebehandling.
- Folkehelse og førebyggande helse skal stå sentralt i barnehage, skule og andre utdanningsinstitusjonar.
- Oppnå betre samhandling mellom spesialisteneste og primærhelseteneste ved at alle nyttar same journalsystem.

## Primærhelsetenesta

Det er i kommunane me må ha dei gode, nære helse- og omsorgstenestene. Me ser at liggetida ved sjukehus vert stadig kortare, og at kommunane leverer stadig meir omfattande tenester – utan at kommunane vert økonomisk kompensert. For å få til dette er god kommuneøkonomi heilt essensielt. Særleg må det satsast på folkehelsetiltak for å førebyggja sjukdom, og betra tilbod innan rus og psykiatri. Det vil alltid vera betre å førebyggja enn å reparera. Senterungdomen meiner at beredskapsansvaret til kommunane må styrkast, slik at innbyggjarane kan føla tryggleik for liv og helse ved akutte tilstandar.

### Løysingar:

- Sikra og styrkja fastlegeordninga.
- Auka talet på LIS1-stillingar til 1150 stillingar i året for å sikra tilgangen på norske fastlegar og spesialistar.
- Etablira eit felles system for pasientane sine legemiddellister på tvers av spesialhelsetenesta og primærhelsetenesta.
- Styrkja rus- og psykiatritenesta i kommunane gjennom ein opptrappingsplan med øyremerkte middel til opptrappingsperioden.
- Styrkja helsestasjon- og skulehelsetenesta og rekruttera fleire kommunepsykologar og skulepsykologar.
- Smittevernsberedskapen i kommunane må styrkast.
- Styrkja legevaktenesta og stogga sentralisering av tilbodet.
- Styrkja omsorgslønsordningane.
- Tannlegebehandling skal inn i eigenandelsordninga i folketrygda.
- Fjerna eigenandel ved helsetenester for born gjennom å auka aldersgrensa for eigenandel til 19 år.
- Kroniske sjukdommar og helseplagar skal ha statlege støtteordningar som sikrar tilstrekkeleg livskvalitet for alle uavhengig av inntekt.

## Psykisk helse

Ei god psykisk helse er viktig heile livet, og vil bidraga til å auka livskvaliteten vår. Ungdomstida er ein periode der den psykiske helsa er utsett for ekstra påkjenningar. Ein av fem ungdommar har i dag psykiske problem, og halvparten av innbyggjarane i Noreg kjem i laupet av livet til å slita med psykiske lidinger.

Psykiske lidinger er utbreidd og skadar ikkje berre dei som vert sjuke, men òg deira pårørande og oss som samfunn. Senterungdomen meiner difor at arbeidet med å førebyggja, samt identifisera og hjelpa born med psykiske vanskar og lidinger bør starta allereie i barnehagen. Me vil difor gjera det enklare å fortelja at ein har det vanskeleg, og hjelpa før tilstanden vert for alvorleg. Me ynskjer å førebyggja, framfor alternativet: å reparera. I tilfelle der reperasjon og rehabilitering er naudsynt skal ein få tilbod om gode tenester som vil styrkja den psykiske helsa.

### Løysingar:

- Alle i alderen 12-19 år skal få tilbod om å ha ei årleg samtale med helsejukepleiar, skulepsykolog eller nokon med tilsvarende kompetanse, etter modell frå tannhelsetenesta.
- Redusera ventetida for oppfylging av psykiske plagar, og gjeva alle eit førespeglarbehandlingstilbod innan ei veke.
- Byggja fleire støttegrupper og brukarstyrte tenester lokalt.
- Kommunale, førebyggande lågterskeltilbod innan psykisk helse skal strykast og utvidast.
- Det skal i større grad leggast til rette for medikamentfrie behandlingar, slik som kvardagsmeistring og kvardagsrehabilitering.

- Behandling i offentleg psykisk helsevern skal vera utan eigenandel for unge opp til 25 år.
- Arbeidet for ein nullvisjon av sjølvord må evaluerast og vidareførast frå 2025.

## Eldreomsorg

Senterungdomen ynskjer ei eldreomsorg med meir aktivitet og innhald og vil sikra eit tilbod som inneber meiningsfulle dagar og tilbod om dagleg aktivitet. Eldreomsorga skal fyrst og fremst vera eit kommunalt ansvar, men oppgåvene må løysast i samarbeid med pårørande, frivillige, ideelle aktørar og spesialisthelsetenesta. Kvaliteten og kapasiteten i eldreomsorga må aukast, og samhandling mellom sjukehus og kommunehelsetenesta må verta betre.

### Løysingar:

- Leggja til rette for at eldre som ynskjer det kan bu heime lenger.
- Byggja ut fleire sjukeheimspllassar, omsorgsbustader og andre tilbod retta mot eldre.
- Leggja til rette for auka og stabil bemanning i heimesjukepleien og på institusjonar, slik at brukarane sjeldnare opplev byte av pleiepersonell.
- Sikra eit dagaktivitetstilbod for alle med behov og stimulera til eit mangfald i tilboden.
- Auka tilskotet til møteplassar mellom unge og eldre.
- Leggja til rette for tilbod om fysisk aktivitet blant eldre i større grad, som ein del av førebyggande arbeid.
- Leggja til rette for å bruke meir musikkterapi på sjukeheim og andre sjukeheimsinstitusjonar.
- Auka bruken av livsgledeheim i eldreomsorga.

## Ruspolitikk

Rusavhengigheit er eit samfunnsproblem som råkar enkeltpersonar, pårørande og lokalsamfunn hardt. Senterungdomen meiner at det overordna målet med norsk ruspolitikk er at færrest mogleg utviklar rusmiddelavhengighet. Dette inneber at me må ha to tankar i hovudet samstundes. Me må syta for at rusavhengige får den hjelpe dei treng, og at me har førebyggjande tiltak som hindrar avhengigheit.

Me må ha ein narkotikapolitikk som skil mellom tungt avhengige, og personar utan førebyggjande tiltak som hindrar eit avhengighetsproblem. Det er brei politisk semje om at rusavhengige skal behandlast som sjuke, og ikkje kriminelle. Det er riktig og viktig at rusavhengige vert fylgde opp av helsetenesta, og at resursane til politiet vert retta meir mot seljarar enn brukarar. Senterungdomen ynskjer auka fokus på mindre bruk av alkohol og gjera folk meir beviste på konsekvensane ved utstrakt bruk av alkohol. Det må verta strengare nasjonale regler for reaksjonar ved alvorlege brot på alkohollova, og me vil auka oppslutninga om alkoholfrie soner.

### Løysingar:

- Dei som er rusavhengige og har sjukdomsproblem knytt til dette, skal fylgast tett opp av helsevesenet.
- Erverv og sal av narkotiske stoff skal framleis vere ulovleg.
- Ha eit førebyggingsløft om rus gjennom mellom anna informasjonskampanjar og undervisningsopplegg.
- Styrke overføringane til kommunane for å sikre tilstrekkeleg oppfølging av dei som vert tekne med narkotika.
- Behalde aldersgrensene for kjøp av alkohol og tobakk, og styrke handhevinga av dei.
- Dei som er over 18 år og vert tekne med narkotika, skal bøteleggast ut frå inntekt.

- Oppfølginga av pårørande må styrkast.
- Alle mellom 15 og 18 år som vert tekne for besittelse eller bruk av narkotika skal verta innkalla til samtale med rådgjevar. Ved manglande oppmøte påleggast sanksjonar. Alle i denne gruppa skal også få tilbod om ruskontrakt og oppfylging.
- Tilbyda fleire lågterskeltilbod for unge vaksne som slit med rusproblem knytt til alkoholbruk.

## **Etiske dilemma i helsesektoren**

For Senterungdomen må moglegheitene innan bioteknologi og genteknologi taka utgangspunkt i kva som er etisk og verdimessig riktig. Lovverket må taka i vare dei positive moglegheitene som ligg innanfor feltet, samstundes som det settast klåre grenser for kva som er etisk, medisinsk og ressursmessig akseptabelt. Alle menneske har rett til liv, uavhengig av utviklingsmoglegheiter og dei evnene dei har, og i saker innan bioteknologi som gjeld born, skal det beste for barnet oghelsa til mora kome først.

### **Løysingar:**

- Ha ein restriktiv politikk når det gjeld bruk av stamceller og genteknologi, men opna for unnatak når det gjeld diagnostikk og behandling for alvorlege, arvelege og livstrugande sjukdommar.
- Forbyda privat gentesting av born.
- Surrogati skal ikkje vera lov i Noreg.
- Dagens abortlovgjeving med sjølvbestemt abort til og med veke 12 ligg fast.
- Gjenopna for sjølvbestemt fosterreduksjon.
- Fastlegar skal ikkje ha moglegheit til å reservera seg mot å visa til abort, setja inn spiral eller skriva ut hormonell prevensjon.
- Tillata aktiv dødshjelp i Noreg etter Oregon-modellen.



## UTDANNING

### Barnehage

I barnehagen skal born få lov til å leika og vera nysgjerrige. Det skal vera ein trygg arena der våre yngste skal få utvikla seg og veksa. Det er viktig med nok engasjerte tilsette som alle born og deira behov, samt at offentlege tilskot og foreldrebetalingar kjem borna til gode.

#### Løysingar:

- Bemanningsstettleiken skal gjelda heile opningstida i barnehagar.
- Halda på maksprisordninga og søskenmoderasjon i barnehagar.
- Utvida ordninga med gratis kjernetid til å gjelda for to-, tre-, fire- og femåringar frå familiar med låg inntekt og i område med integreringsutfordringar. Utvidinga skal gjeva rett til gratis barnehageplass 30 timer i veka, mot 20 timer i dag.
- Styrkja kompetansen til personellet i barnehagen knytt til sjølvbiletet til born, uttrykking og forståing av kjensler, samt kognitive funksjonar.
- Ha alderstilpassa seksualundervisning med klåre retningslinjer for læremetode og førebuande kurs for tilsette.

### Grunnskule

Åra ein har på grunnskulen skal vera ein arena for utvikling og personleg vekst. Visjonen til Senterungdomen er ein skule der alle elevar får utvikla deria potensiale, og at utdanningssystemet skal taka høgde for at me alle har ulike styrkar og svakheiter. Din sosioøkonomiske bakgrunn, kvar du kjem frå eller kven du er skal ikkje bestemma kva moglegheiter du har.

Funksjonen til skulen skal vera å gjeva elevane verktøy til å klara seg i samfunnet. Det handlar både om korleis ein skal leva i fellesskap med andre, men òg om korleis ein skal ha det bra med seg sjølv. Senterungdomen ynskjer ein skule med eit godt læringsmiljø, der alle elevar føler seg aksepterte og trygge. Lærarar og skuleleiarar spelar også ei avgjerande rolle i grunnskulen, og Senterungdomen meiner det er viktig å visa tillit til profesjonsutøvarane som utøver god undervisning og møter elevane der dei er.

#### Løysingar:

- Psykisk helse og sosial meistring vert ein større del av undervisninga i grunnskulen.
- Alle kommunar må ha ein handlingsplan for korleis ein handterer mobbing, og korleis ein jobbar mot mobbing og utestenging.
- Styrkja den spesialpedagogiske kompetansen i skulen for å sikre alle elevar forsvarleg opplæring.
- Sikra ei forbetra og heilsakapleg seksualundervisning. Aksept for legning og respekt for medmenneske skal vektleggast i undervisninga.
- Faget "utdanningsval" inkluderer arbeidsveke, jobbskugging og utdanningsmesser.
- Undervisningsmateriell som skal brukast i grunnskule og vidaregåande opplæring skal fagfellevurderast før det vert teke i bruk.
- Auka mengda praktisk arbeid i ungdomsskulen i form av fleire valfag og meir praktisk arbeid i teoretiske fag. Alle ungdomsskular skal tilbyda arbeidslivsfag

- Styrkja rådgjevingstenesta med kompetansekrav for rådgjevarane, samt syta for eit gjennomgåande rådgjevingslaup frå ungdoms- til vidaregåande skule med årleg obligatoriske samtaler med oppstart frå 8.klasse.
- Plassera elevar med same skriftspråk i same klasse, i tråd med Odda-modellen.
- Undervisninga i sidemål skal styrkast og starta tidlegare på ungdomsskulen, og bør brukast i andre fag enn norsk på ungdomsskulen.
- Det skal vera mogleg å velje sør-, nord- eller lulesamisk som 2.språk, regulert etter kva samisk språk som er i bruk i området.
- Ordninga med to separate karakterar i norsk hovudmål og sidemål skal vidareførast.
- Karakterar skal framleis brukast som vurderingsform frå og med 8.klasse.
- Avvikla nasjonale prøvar og norsk deltaking i Pisa-undersøkinga.
- Redusera tal timar teori i fyrsteklasse og auke tal timar med leikbasert læring.
- Syta for at alle skular i Noreg fylgjer læreplanen for symjeundervisning.
- Sikra meir fridom og fleksibilitet til kvar enkelt lærar og skule med tanke på alternativ opplæring, for å sikra at fleire elevar kjem gjennom eit heilskapleg skulelaup.
- Skulane skal ha ein handlingsplan for psykisk helse og korleis handtere dette.
- Tilbyda teiknspråk som framandspråk.
- Gjeva elevane god informasjon om ungdomsrett og kva konsekvensar val av studiespesialisering og yrkesfag fører med seg.
- Auha mengda IKT og programmering i ungdomsskulen.

## Videregående opplæring

Senterungdomen vil arbeida for ein vidaregåande skule flest mogleg klarer å fullföra, der alle elevar får best mogleg føresetnad for vidare studie eller arbeidsliv. Alle elevar skal ha tilgang til eit godt utdanningstilbod, oppleva meistring og trivast på skulen. Det må verta rimelegare og meir gunstig å vera elev på vidaregåande skule. Det trengst eit inntakssystem der elevar skal kunne gå på den skulen med ynskt utdanningsprogram nærest seg, slik at færrest mogleg elevar skal måtte flytta på hybel utan å ynskja det. Senterungdomen ynskjer også ei meir inkluderande fråværsgrense, breiare fagval og styrking av yrkesfaglege utdanningsprogram. Den vidaregåande skulen skal formast etter elevane sine behov, for det er dei som veit best korleis skulekvardagen bør vere.

### Løysingar:

- Tredje språk skal verta eit valfag framfor obligatorisk.
- Skrote dagens ordning med fråværsgrense for å sikra fleksibilitet og tillit i skulen.
- Ha krav om minst 3 lærlingplassar per 1000 innbyggjarar i kommunen. Lærlingar og elevar har ungdomsrett til både fagbrev og påbygg, uansett kva rekkjefylgje ein tek det i.
- Oppfylging av lærlingar som avbryt læringtida si uavhengig av ungdomsretten.
- Det skal vera opp til det enkelte fylket å bestemma kva inntakssystem ein ynskjer.
- Opne for at elevar i vidaregåande opplæring skal ha moglegheit til å oppnå studiekompetanse på to, tre eller fire år, ved å tidlegare kunna velja programfag og auke timetalet i veka.
- Det skal leggast til rette for alternative utdanningslaup på yrkesfaglege utdanningsprogram, mellom anna gjennom auka bruk av vekslingsmodellen.
- Gjera skulelaupet meir fleksibelt gjennom å tilbyda fleire utdanningsprogram som kombinerer studiespesialiserande og yrkesfag.
- Obligatorisk trafikkopplæring, samt teoriprøve og førarkort skal vera godkjent fråvær.

- Elevar skal ha rett på læremiddel på sitt hovudmål, uavhengig av kor stort faget er og om skulen er offentleg eller privat. Retten skal utvidast til å gjelda digitale hjelpemiddel og kontorstøtteprogram.
- Syns- og høyrselshemma elevar skal ha tilgang til undervisningsmateriell i dei format den enkelte treng, og det må vera tilgjengeleg samstundes som andre elevar får tilgang til sitt undervisningsmateriell.
- Utstyrsstipendet til ulike vidaregåande linjer, og bortebuarstipendet, skal samsvare med reelle kostnadene for elevane.
- Tilbyda teiknspråk som framandspråk.

## Høgare utdanning, fagskuler og folkehøgskuler

Senterungdomen meiner at alle skal ha rettferdig tilgang til god høgare utdanning, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, sosial, geografisk eller økonomisk bakgrunn. Alle skal ha lik rett til å velja eiga utdanning og utdanningsstad, og det å studera i utlandet skal vera ei reell moglegheit for alle.

Senterungdomen ynskjer universitet, høgskule og fagskule med eit godt tilbod nær folk i heile landet. Folkehøgskulane har eit viktig utdanningstilbod som skal takast i vare og utviklingast, og yrkesretta fagskuleopplæring må få ei viktigare rolle i utdanningssystemet. Fagskulane må behalda sin eigenart som relevant og praksisnær utdanning, og me må styrkja eit desentralisert høgskuletilbod og fjernundervisning.

### Løysingar:

- Reversera konventeringsordninga. Alle studentar som fullfører studieåret skal få fullt stipend det året.
- Det skal ikkje nyttast skulepengar i høgare offentleg utdanning i Noreg, heller ikkje for utanlandsstudentar.
- Det bør byggast minst 3000 studentbustader i Noreg årleg, til målet om dekningsgrad på 20 prosent er nådd.
- Auka studiestønaden til 1,5G i året, med 11 månadars studiestønad.
- Auka den økonomiske stønaden til studentar som får born i studietida.
- Oppretthalda og styrkja norsk fagspråk, både nynorsk og bokmål, gjennom stønadsordningar og andre tiltak.
- Fjerna krav om karakter 4 i matte for lærarstudentar.
- Ha ein nasjonal opptrappingsplan for fagskulane.
- Gjera det enklare å få godkjent kompetanse frå utanlandske universitet i Noreg.
- Styrkja folkehøgskulane, og bidraga til å halda folkehøgskulane sitt sær preg og eigenart.
- Studentar skal få dekt reisekostnadene i samband med obligatorisk praksis.
- Studiestaden skal dekkja ekstra reiseutgifter ved obligatorisk undervisning utanfor området til skulen.
- Oppretthalda ein struktur innanfor høgare utdanning der ein både satsar på større og mindre studiestadar.
- At nedlegging av eksisterande studiestadar ved offentlege utdanningsinstitusjonar berre skal gjennomførast politisk, og ikkje gjennom styrevedtak.
- Utdanningane skal ha ein finansiering som speglar dei reelle investeringane og kostnadane som er naudsynt for å tilby ei god utdanning.
- Få innført poeng på høgskule for fagbrev.
- Alle universitet og høgskular som eig sin eigen bygningsmasse skal framleis sjølv ha ansvar for å forvalta denne.

- Studiestader skal tilpassast obligatorisk aktivitet slik at alle som har fråvær grunna lovpålagt politisk arbeid har moglegheit til å få semesteret godkjent.
- Reversera kravet om mastergrad i opptak til Praktisk Pedagogisk Utdanning.



## BORN, FAMILIE OG JAMSTILLING

### Familie

Familien er det grunnleggjande sosiale fellesskapet i våre liv, og skal skapa ei trygg ramme som det offentlege ikkje kan erstatta. Senterungdomen ynskjer ein familiepolitikk basert på valfridom, uansett kva form den enkelte familie måtte ha. Det finnst ingen fasit på korleis ein familie skal sjå ut, det viktigaste er omsorgsevne. Senterungdomen ynskjer å gjeva born rett til ein trygg og god oppvekst, noko som er ansvaret til forsørgjarar. I tilfelle der forsørgjarar ikkje kan ha dette ansvaret skal samfunnet sikra borna god, stabil og føreseieleg omsorg.

#### Løysingar:

- Sikra både foreldre sjølvstendige permisjonsrettar.
- Betra økonomien til krisesentera.
- Sikra oppfylging og stønad til familiemedlem
- Sikre oppfylging og stønad til familiemedlemmar som er berørte av eit anna familiemedlem sin sjukdom eller ulukke.
- Utvida talet på dagar per år med omsorgspengar for foreldre med sjuke born.
- Sørgja for at sjølvstendig næringsdrivande og studentar får like gode moglegheiter i samanheng med svangerskap og fødsel som lønsmottakarar.
- Halda på barnetrygd som universell ordning. Barnetrygda skal derimot aukast for familiar utan inntekt.

### Jamstilling og mangfold

Kvar menneske er fødd fritt og ukrenkeleg. Alle er like mykje verdt, og ingen skal oppleva diskriminering på bakgrunn av kven dei er. Me har alle eit medfødt ansvar og ei plikt til å møta andre med repsekt og omtanke, slik me sjølv ynskjer å verta møtte. For at alle skal ha fridom til å leva og utfalda sine liv, må ein fyrst og fremst ha like moglegheiter, uansett bakgrunn.

Jamstilling handlar ikkje berre om kjønn, men også etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønssuttrykk og livssituasjon.

Senterungdomen krev eit rettferdig samfunn der alle har tilgang på dei same goda. Eit samfunn der alle kan vera seg sjølve og ha like moglegheiter, er eit godt samfunn.

Jamstilling tyder at alle menneske skal ha litt rett til deltaking, utvikling, utdanning og arbeid. Alle skal vera sikra ein plass i samfunnet og folkestyret vårt, og særleg viktig er det at minoritarar vert høyrde.

#### Løysingar:

- Jamstilla foreldre juridisk ved samlivsbrot, og sikra likebehandling av mor og far i barnefordelingssaker.
- Innføra eit tredje juridisk kjønn.
- Auka talet på sjukehus som kan greia ut og behandle transpersonar som ynskjer å skifta kjønn.
- Sikra at kompetansen til offentlege tenester vert styrkt om personar som bryt med normer for legning.
- Endre retningslinjene for blodgivning slik at kriteriene baserer seg på risikoatferd og ikke legning.

- Inkorporera SNs konvensjon for rettigheitar til personar med funksjonsnedsetjing (CRPD) i norsk lov.
- Det norske samfunnet må vera universelt utforma innan 2035.
- Styrkja BPA som jamstillingsverktøy, påleggja driftskonto, og sikra tilstrekkeleg finansiering av ordninga.
- Stogga offentleg finansiering av nettstadar som bryt med god presseskikk.
- Styrkja hatkrimgruppa i politiet i Oslo slik at dei kan òg bidraga med kompetanseauking i dei andre politidistrikta.

## Barnevern

Barnevernet er ein viktig institusjon i samfunnet vårt som møter familiar og born i sårbare situasjonar som har behov for trygg og god hjelp. Målet bør vera å gjera livet betre for borna og familiane ved relasjonsbyggjande arbeid, økonomisk stønad og oppfylging.

Tillita til barnevernet må styrkjast, og det er viktig at både born og foreldre kjenner seg trygge i møte med barnevernet. I mange barnevernssaker er fleire etatar kopla inn, og barnevernet skal då fungera som ein koordinerande etat, slik at ein sikrar god hjelp til borna og familiane. Det er avgjerande at barnevernet kan jobba opplysande og førebyggande, slik at ein kan arbeida med samspele i familien og relasjonar før det går so langt at eventuell omsorgsovertaking vert aktuell.

### Løysingar:

- Gjennomföra ein heilsakleg, uavhengig og fagleg gjennomgang av barnevernet.
- Innföra trygge attendemeldingssystem for born i barnevern og skule.
- Alle tidlegare barnevernsborn må få lovfesta rett til ettervern til og med fylte 25 år.
- Gjeva tilbod om helsefagleg samtale for born og unge ved omsorgsovertaking for tidleg oppfylging av psykisk helse.
- Styrkja den fleirkulturelle kompetansen til barnevernet.
- Avslutta bruken av konkurranseutsetting og anbod i barnevernsektoren. Det offentlege må sjølv utföra saksbehandlinga og utgreiingsoppgåver for born i barnevernet.
- Alle born i barnevernet skal ha tilbod om to kontaktpersonar.
- Meir ressursar til barnevernet for å auka bemanninga.
- Innföra barnevernsvakt for alle kommunar.



## JUSTIS OG BEREDSKAP

### Beredskap

Eit trygt samfunn føreset god beredskap. Uansett kva krise som oppstår, skal me vera trygge på at landet vårt er førebudd. Nasjonal tryggleik er inga importvare, og det er difor viktig at me byggjer opp nasjonal produksjon og lagring av naudsynte varer. Om det vert mangel på mat eller andre viktige varer internasjonalt, vil ikkje løysinga vera å bruka oljerikdomen vår til å snika i køen. Staten må taka det overordna ansvaret for å tryggja norsk beredskap for framtida, slik at Noreg bidreg til det globale fellesskapet.

#### Løysingar:

- Auka sjølvforsyningsgraden med eit mål om å verta minst 50 prosent sjølvforsynt, korrigert for fôrimport.
- Leggja til rette for at kommunane kan styrkja infrastrukturen for å handtera lokale konsekvensar av klimaendringane.
- Innföra nasjonal produksjon og beredskapslagring av viktige legemiddel og smittevernsutstyr.
- Gjeninnföra beredskapslager av korn.
- Naudnettet skal vera tilgjengeleg og økonomisk overkomeleg for alle relevante aktørar.
- Auka støtta til frivillige organisasjonar i redningstenesta.
- Distriktskommunar med særleg store avstandar skal få stønad til å oppretta kommunale akutteam.
- Setja ned ein totalberedskapskommisjon som skal gjennomgå den nasjonale og lokale beredskapen, med tydeleg framtidsretta fokus.
- Utarbeida eigen antidrone-strategi for å sikra beredskapen i heile landet.
- Oppretta einingar av beredskapstroppen i alle landsdelar for å senka responstida i akutte naudssituasjonar.

### Naudetatar

Uansett kvar du bur, skal du kunna vera trygg på at hjelpa du treng når fram i tide. Når kriser skal hindrast, brannar sløkkast og liv reddast er tid og lokalkunnskap avgjerande faktorar. Difor er det ei hovudprioritering for Senterungdomen at våre livsviktige naudetatar skal ha ei desentralisert organisering. Politi, ambulanse og brannvesen skal vera nær folk i heile landet. I tillegg vil me redusera omfanget av rapporteringskrav og skjemavelde hjå naudetatane, slik at dei kan prioritere tid og krefter på å levere gode tenester.

#### Løysingar:

- Mindre detaljstyring og rapporteringskrav for alle naudetatane.
- Brannvesenet skal vera eit kommunalt ansvar og den vellukka desentraliserte organiseringa av brannvesenet må oppretthaldast.
- Brannleiarar må få den opplæringa dei treng for å handtera det ansvaret dei er pålagd dersom dei får først fram i situasjonar med livstrugande vald.
- Formalisera sløkningssamarbeidet mellom lokale brannvesen og bønder i aktuelle områder.
- Innföra eit gebyrsystem der det ansvarlege departementet for statlege naudetatar må betala vertskommunane dersom brannvesenet må gjera den jobben ambulanse eller politi skulle ha utført.

- Sikra eit reelt nærpoli til å styrkja lensmannskontor og politistasjonar til å driva førebyggjande arbeid i heile landet.
- Krav til responstid skal verta oppfylt i alle politidistrikta.
- Leggja ned Politidirektoratet og overføra oppgåvene til politidistrikt og justisdepartementet.
- Politiet bør berre væpnast i naudsynte unnatakstilstandar.
- Nå bemanningsmålet om 2 tenestemenn per 1000 innbyggjarar.
- Styrkja ambulansetenesta og hindre sentralisering av tilbodet.
- Lovfesta kravet til responstid for ambulansane i heile landet.
- Ved fyrste moglegheit skal det offentlege taka tilbake drifta av luftambulansetenesta i heile Noreg.
- Bevara Utrykningspolitiet som ein eigen eining i tida framover for å sikra trygg ferdslle langs vegnettet i Noreg.
- Garantera jobbtilbod til ferdig utdannede fra politihøgskulen innan to år.

## **Justis**

Senterungdomen ynskjer ein justispolitikk som sikrar tryggleiken og rettsikkherheita. Meir nærliek, tillit og førebygging er dei viktigaste målsetjingane våre på justisfeltet.

Straffereaksjonar er eit mektig middel, som må organiserast klokt. Straff skal ha ein avskreckande effekt, men samstundes minimera faren for kriminelle tilbakefall. Domstolane er eit sentralt ledd i den norske strafferettskjeda, og me vil arbeida for at domstolane har ei desentralisert organisering og forsvarlege økonomiske rammer.

### **Løysingar - Kriminalomsorga og straff:**

- Auka fengselskapasiteten i heile landet, både ved å byggja ut eksisterande fengsel og ved å byggja nye fengsel.
- Styrkja tiltak for førebygging av kriminell åtferd, samt kriminelle tilbakefall.
- Unge lovbytarar skal berre unntaksvise plasserast i fengsel med høgt tryggingsnivå, men som hovudregel plasserast i andre institusjonar.
- Styrkja skule- og utdanningstilbodet under soning.
- Det må arbeidast for å betra rettstryggleiken for offer av seksuelle overgrep. Foreldingsfristen for seksuelle overgrep må fjernast.
- Auka ressursane til kriminalomsorga slik at straffegjennomføringa er i tråd med menneskerettslege minimumsstandardar om isolasjon, at innsette får forsvarleg helsetilbod, og me i større grad kan tilbyda rehabiliterande aktivitetar og innhald.
- Leggja plan før utskriving frå soning for å blant anna hindre tilbakefall til rus eller overdose.

### **Løysingar - Rettssystemet:**

- Halda på dagens desentraliserte domstolstruktur.
- Sikra alle domstolar tilstrekkelege rammer for å taka unna sakstilgong.
- Stortinget skal avgjera kor mange tingrettar og jordskifterettar det skal vera i Noreg.
- Inntektsgrensa for fri rettshjelp må fylgja utviklinga i konsumprisindeksen.
- Leggja til rette for større mangfold i geografisk, kulturell og sosial bakgrunn ved utnemning av nye høgsterettsdommarar.
- Seia nei til lovverk som fører med seg overvakning av borgarane og krenkjer personvernet.
- Styrkja oppfylginga av personar som har sona ferdig dom.
- Auka bamanninga og ressursane i politiet med sikta på å få ned talet på henleggingar og redus era handsamingstida.



## KULTUR

Noreg er eit land med rikt og mangfaldig kulturliv. Kulturpolitikken må femna om alt frå frivillige ungdomsorganisasjonar, korps og idrettslag til profesjonelle musikarar, idrettsutøvarar, medieverksemder og kulturinstitusjonar. Senterungdomen set seg som mål at Noreg både skal ha utøvarar i verdsklasse og eit breitt og mangfaldig kulturtildel i heile landet.

### Kulturpolitikk

Senterungdomen vil at kunst og kultur skal vera tilgjengeleg i heile Noreg. Kunst og eit fritt kulturliv er avgjerande del av eit land med levande ytringsfridom. Det er viktig at me sikrar både den immaterielle og den materielle kulturarven, i alt frå bygningar til matlagningstradisjonar. Kulturarven skal vera tilgjengeleg og statlege institusjonar skal utnytta moglegheitene for å digitalisera deira samlingar. Kulturnæringane bidreg ikkje berre til eit rikt kulturliv, men òg eit variert arbeidsliv i heile landet. Eventuelle nye nasjonale kulturinstitusjonar skal etablerast utanfor det sentrale austlandsområdet. Dessutan skal den norske staten vera med å styrkja kulturane til dei nasjonale minoritetane, samane som urfolk og andre minoritetar.

#### Løysingar:

- Eit lokalt kulturløft, i tråd med tilrådingane til Engerutvalet, der me styrkjer folkebiblioteka, kulturskulane, distriktsmusikarordninga og anna lokalt kulturarbeid.
- Få fleire kulturuttrykk inn på UNESCO sine verdsarvlistar over immateriell og materiell kulturarv.
- Styrkja satsinga til Nasjonalbiblioteket på digitalisera kulturarven, og løyva midlar til å digitalisera til dømes dei regionale folkemusikkarkiva.
- Styrkja kunstnarøkonomien, mellom anna ved å sikra gode løns- og arbeidsvilkår i ordningar som i Den kulturelle skulesekken og halda opp ordninga med kunstnarstipend.
- Få betre representasjon av minoritetar og distrikts-Noreg i organ som fordeler kulturmidlar, som til dømes Norsk kulturråd.
- Stønadssordningane for næringslivet må taka omsyn til dei spesielle vilkåra for frilansere og andre aktørar innan kulturnæringane.
- Sikra norsk litteratur og den norske litteraturpolitikken i ei boklov.
- Stø opp om norsk spelindustri, til dømes næringsklyngja som veks fram kring Hamar.
- Satsa på talentutvikling, og lage gode ordningar slik at ein kan vera elev ved nasjonale talentutviklingsprogram uavhengig av kvar ein bur i landet.
- Etablira eit søkeradsbasert oppstartsford for nyetablerte kulturutøvare.
- Ved utvidingar og nybygg på alminnelege gardsbruk skal staten dekke kostnadane ved arkeologisk utgraving.
- Tilrettelegging for oppstart, og opprettholdelse av utlånsportaler for utstyr til idrett og friluftsliv.
- Auka stønaden til offentlege museum, slik at fleire gjenstander og kunstneriske uttrykk kan stillast ut for publikum. For å taka vare på samlingane til musea er det både behov for magasin som fylgjer dagens krav, og kompetanse innanføre teknisk konservering.

## Språkpolitikk

Senterungdomen skal taka det norske språkmangfaldet inn i ei digital framtid, og halda oppe norsk som samfunnsberande språk i møte med engelsk. Senterungdomen skal sikra det norske språkmangfaldet inn i ei digital framtid og leggja opp til at det vil ha samfunnsberande funksjon i Noreg. Ein må difor leggja til rette for at våre to jamstilte målformer nynorsk og bokmål vert verna gjennom aktiv bruk hos det offentlege og i kvarldagen. Likevel må ein heller ikkje gløyma teiknspråk, dei samiske språka og dei norske minoritetsspråka som ein har eit ansvar for å verna.

### Løysingar:

- Grunnlovsfesta jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, og sikra dei språklege rettane til alle borgarar i ei ny språklaw med utvida verkeområde og sanksjonar.
- Stimulera til at fleire kommunar vert del av forvaltningsområdet for samisk språk, og arbeida for å oppretta eit forvaltningsområde for kvensk språk og kultur.
- Styrkja Språkrådet og Nasjonalbiblioteket sitt arbeid med språkteknologi og språkdata.
- Styrkja innkjøpsordningane ved å løyva meir midlar til sakprosa, innkjøp til skulebiblioteka og stø omsetjing av populære barne- og ungdomsbøker til nynorsk, samisk og kvensk.
- Arbeida for å utdanna fleire helse- og sosialarbeidarar med kompetanse på minoritetsspråk og -kultur.
- Språkrådet skal vera klageorgan for språklege retter i skulen.
- Syta for tolketenestar for mellom andre teiknspråkbrukarar er tilgjengelege, også utanfor kontortida og på offentlege fridagar.
- Stø opp om det samiske sivilsamfunnet, dei nasjonale minoritetane organisasjonar og kulturminnesarbeidet for minoritetane i Noreg.

## Mediepolitikk

Folkestyret er avhengig av ei fri og uavhengig presse. Senterungdomen vil halda oppe pressestøtta og finna nye verkemiddel for å styrkja norske media i møte med digitaliseringa og konkuransen frå multinasjonale mediekonsern som Google og Facebook.

### Løysingar:

- Multinasjonale mediekonsern som tener pengar i Noreg, skal betala skatt i Noreg.
- Sikra mediemangfaldet, ytringsfridomen og norsk språk ved å halda oppe pressestøtta, ha momsfritak på alle plattformer og justera NRK si støtte i takt med kostnads- og lønsnivå.
- Sikra brukarane av norsk teiknspråk, nynorsk, dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka eit godt medie- og kulturtilbod på sine språk.
- Halda oppe NRKs distriktskontor og sikra eit godt lokalt tilbod i alle stortingsvaldistrikt.
- Nynorsk avissenter og NRK Nynorsk mediesenter vert sikra vidare drift.

## Frivilligkeit

Frivillige organisasjonar er berebjelkar i lokalsamfunnet, og gjer opplevingar og sosiale aktivitetar på tvers av sosiale skiljelinjer, løyser store samfunnsoppgåver, og skapar viktige fellesskapsarenaer. Dei frivillige organisasjonane fungerer som viktige demokratiske opplæringsarenaer som mogleggjer eit levande folkestyre.

### Løysingar:

- Innföra full og regelstyrt momskompensasjon for frivillige organisasjonar innan 2024, inkludert bygg og anlegg som er eigd av frivillige.
- Auka grunnstønaden til barne- og ungdomsorganisasjonane over statsbudsjettet.

- Det offentlege må syta for at frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar kan låna høvelege offentlege lokale på ein ubyråkratisk og enkel måte.
- Sikra einderettsmodellen og frivilligheita, idretten og kulturlivet som mottakarar av overskotet til Norsk Tipping.
- Setja krav til at vaksne som arbeider med born og unge i fritida viser politiattest.
- Stenga utanlandske speleselskap ute av norsk marknad og styrkja behandlinga av speleavhengige.

## **Idretten**

Senterungdomen står ein idrettspolitikk som stimulerer flest mogleg til å vera mest mogleg fysisk aktive, og som samstundes tek vare på dei som har talent til å kunne satsa på idretten. Toppidrett og breiddeidrett er gjensidig avhengige av kvarandre. Me vil sikra gode rammevilkår for idretten over heile landet.

### **Løysingar:**

- Noreg skal jobba målretta for å utvikla nye krav til nasjonane som skal arrangerha store idrettsarrangement knytta til menneskerettigheitar, demokrati og korruption.
- Jobba for at Norge skal arrangerha vinter-OL i 2034 med fokus på å gjenbruaka arenaer, eller etablira nye eller restaurere eksisterende arenaer i områder der det er behov for anten nye eller nyrestaurerte arenaer. Samtidig skal det holdes fokus på lavt klimaavtrykk.
- Styrkja antidoping og antikorruptjonsarbeidet i idretten.
- Gjera e-sport til programfag på videregående skule og oppretta eit e-sportmiljø med tilknyting til Olympiatoppen og Noregs idrettshøyskule.

## UTANRIKS OG FORSVAR

### Forsvar

Målet med norsk forsvars politikk er å hevda norsk suverenitet og sikre nasjonale interesser. Dette føreset eit folkeforsvar som er til stade i heile landet, med eigne kapasiteter på land, i luft og til havs. Senterungdomen meiner det er viktig med eit sterkt NATO med fokus på si primær oppgåve som forsvarsallianse, og meiner Noreg framleis skal basere sin forsvars- og sikkerhetspolitikk på medlemskapet i NATO samt aktivt arbeid i SN.

Noreg har ei viktig geopolitisk plassering og ein kyst som er rik på naturressursar. Me ser ei aukande interesse i nordområda, frå både allierte og andre stormaktar. Denne interessa gjer at Noreg må styrkja si rolle som NATO i nord.

#### Løysingar:

- Ei langsiktig finansiering av Forsvaret som sikrar eit sterkt forsvar og som oppfyller forpliktelsane våre til NATO, dermed bevilge 2 prosent av BNP til Forsvaret innen 2023.
- Styrkja alle forsvars greiner, med særleg vekt på Hæren og Heimevernet.
- Gjenopprett Sjøheimevernet.
- Sikra helikopterstøtte til Hæren.
- Føra vidare den ålmenne verneplikta samt auka talet på vernepliktige fra dagens 7500 til minst 11 000 i året.
- Trappa opp arbeidet med å minska snøgg utskifting av personell for å halda på kompetanse og styrkja den operative evna.
- Eventuelle norske bidrag i utlandet skal avgjera i Stortinget, og byggja på vedtak i NATO eller SN.
- Veteranoppfylginga etter avslutta teneste i internasjonale operasjonar må styrkast og forlengast, både for militært, politi og sivilt personell.
- Redusera stabs- og administrasjonskostnadane i Forsvaret til fordel for operativ verksemnd.
- Styrkja kyberforsvaret vidare til ei sterk og innovativ eining og etablera eit digitalt grenseforsvar.
- Vera atterhaldne med å inkludera fleire medlemsland i NATO.
- Det skal krevast sluttbrukererklaering på all våpen og ammunisjon som vert eksportert ut av Noreg.
- NATO-soldatar som er stasjonert på norsk territorium skal verta rotasjonsbasert.

### EU/EØS

Noreg har gjennom to folkerøystingar sagt tydeleg nei til medlemskap i EU.

Senterungdomen vil forsetja kampen for å halda Noreg utanfor EU, samstundes som me ynskjer å erstatta EØS-avtala med ei brei handels- og samarbeidsavtale. Med ei handelsavtale utan overnasjonalitet vil handelen kunna fortsetja stort sett som i dag, og gjeva oss tilbake sjølvråderetten over norsk regelverk og arbeidsmarknad. Senterungdomen meiner at Noreg skal vera ein pådrivar for europeisk samarbeid, men seier nei til overnasjonalitet og suverenitetsavst  ing som gjennom EU og EØS.

#### Løysingar:

- Erstatt EØS-avtala med sikte på ei brei handels- og samarbeidsavtale utan overnasjonalitet.

- All den tid me er ein del av EØS-avtala, skal Noreg bruke reservasjonsretten aktivt for å sikra norske interesser og norsk sjølvråderett.
- Noreg skal fortsetja å vera ein aktiv del av Europa, men ha ei sjølvstendig røyst, råderett over eigne ressursar og sikra det norske demokratiet.
- Styrkja det nordiske samarbeidet og invitere Storbritannia, Færøyene og Grønland inn i EFTA.
- Deltaka i europeiske utdannings- og forskningssamarbeid som Erasmus+ og Horizon Europe, samt etablera gode samarbeidsavtalar på utdanning og forsking med Storbritannia.

## **Internasjonal solidaritet**

Senterungdomen vil at Noreg skal vera ei tydeleg røyst for eit meir rettferdig verdssamfunn. Dette ansvaret tek me i vare gjennom å vera ein forsvarar av menneskerettane, ein pådrivar for ein rettferdig verdshandel og ein stor bistandsytar. Me har ei moralisk plikt til å stå opp mot statar som begår alvorlege menneskerettighetsbrot ovanføre deira eigne innbyggjarar. Det er viktig at me arbeider for ein rettferdig verdshandel – folkestyre gjev den beste føresetnaden for gode samfunn, og handelssamarbeid skal ikkje innebera suverenitetsavst  ing. Noreg b  r, som eit rikt land, g  r   i kampen for å lyfta folk ut av fattigdom, og styrkja arbeidet med naudhjelp og vern i krig og konflikt.

### **L  ysingar:**

- Noreg skal aldri akseptera brot på menneskerettane, og vera ei tydeleg røyst i SN som tek initiativ til sanksjonar der det er eit eigna verkemiddel.
- Noreg skal l  yve minst 1 prosent av BNP til utviklingshjelp, og all hjelp skal skje i tr  d med SNs berekraftsm  l.
- Noreg skal ikkje inng   handelsavtalar der makt vert fjerna fr   folkevalde politikarar eller der interesser til eigarar i somme verksemder kjem f  r berekraft og rettferd.
- Ha meir openheit rundt importerte varer, gjennom å gjera leverand  rlistar til kleskjedene og andre forbruksprodukt med verksemd i Noreg offentlege.
- Noreg skal arbeida aktivt for gjennomsiktigkeit i finansn  ringa og mot skatteparadis.
- En del av norske bistandsmidlar skal brukast til å satsa p   klimasmart landbruk og andre berekraftige l  ysingar i utviklingsland.
- Noreg skal signera og ratifisera SN-traktaten som forbyr atomv  pen og jobba for at fleire land gjer det same.
- Auka niv  et p   st  naden til humanit  r innsats i takt med eit stadig aukande behov.
- Auka den direkte st  naden til gjeldslette hj   utviklingsland.
- Styrkja den leiande rolla til Noreg globalt i arbeidet for å sikra tilgang til utdanning i humanit  re kriser.
- Sikra fortsett auka merksemd og innsats for vern og f  rebygging av seksuell vald.
- Frysa EØS-midlar til land som systematisk undertrykkjer menneske p   bakgrunn av seksualitet, etnisitet og religi  sitet.
- Avslutta forhandlingene i WTOs datahandelsavtale slik dei er i dag.
- S  kja tverrpolisitiske forlik som sikrar ein meir langsiktig finansiering av bistandsprosjekt.
- Noreg skal avbryta frihandelsforhandlingane med Kina. Me skal ikkje forhandla om ei slik avtale med Kina f  r dei respekterar menneskerettane.
- Redusera m  l og rapporteringskrav for norsk bistand.

## Nordområda

Senterungdomen meiner Noreg har særleg viktige interesser å ivareta i Nordområda i tida framover. I desse områda er det ein unik tilgang på rike naturressursar, som vil kunne utnyttast betre med nye handelsvegar. Den norske delen av Nordområda har naturgjevne fortrinn og stort potensial innanfor fiskeri- og reiselivsnæringa, samt for utbygging av fornybar energi. Senterungdomen meiner difor at ei nasjonal satsing på nordområda er særsviktig, der nærings- og utviklingspolitikk vert prioritert for å stryke Nord-Noreg som eit tyngdepunkt i polområdet.

### Løysingar:

- Legge til rette for gode kompetansemiljøer i nord, som kan konkurrere internasjonalt og tiltrekke seg nye virksomheter.
- Støtte og sikre en bærekraftig utvikling av næringsvirksomheten i Nordområdene.
- Styrke arbeidet med å hevde norsk suverenitet over fiskeri- og energiressursene som ligg i nordområdene.
- Norge skal delta i arbeidet med jarnbane til Kirkenes og Skibotn/Kilpisjärvi for å leggja til rette for økt handel med Asia via den nordlige sjørute.
- Kina skal ikke gis økt innflytelse i Arktis.
- Prioritere klima, miljø og menneskerettigheter i vårt samarbeid med Russland.
- Skape alternative arbeidsplasser på Svalbard, og på sikt utfase kulldrift til energi og oppvarming.
- Styrke det nordiske samarbeidet ved å være aktive pådrivere hovedsakelig via NATO og Nordisk Råd, men også leggja til rette for andre arenaer for nordisk samarbeid.